



BOTANISK NOTAT 1997-3



MØTEROMMET



VITENSKAPSMUSEET
BOTANISK AVDELING
N-7004 TRONDHEIM

Trua mosar i Noreg med Svalbard Førebelse faktaark

Arne A. Frisvoll

Hans H. Blom



MUDDERELVEMOSE - *Fontinalis bryfnii*

NORGES TEKNISK-NATURVITENSKAPELIGE UNIVERSITET
VITENSKAPSMUSEET
TRONDHEIM

Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet
Vitenskapsmuseet
Botanisk notat 1997-3

**Trua mosar i Noreg med Svalbard
Førebelse faktaark**

Arne A. Frisvoll
Hans H. Blom

Trondheim, august 1997

Oppdragsgjevar: Direktoratet for naturforvaltning

Frisvoll, A.A. & Blom, H.H. 1997. Trua mosar i Noreg med Svalbard. Førebelse faktaark. Norges teknisk-naturvitenskapslige universitet Vitenskapsmuseet Botanisk Notat 1997 3: 1-170.

Samandrag

313 moseartar er klassifiserte og omtala som trua mosar (raudliste-mosar) for Noreg med Svalbard. Fastland-Noreg og Svalbard er behandla kvar for seg. 162 bladmosar og 54 levermosar er med frå fastlandet og 72 bladmosar og 41 levermosar frå Svalbard. Elleve bladmosar og fem levermosar er med både frå fastlandet og Svalbard. Kvar av raudlisteartane er kort omtala i åtte (eller færre) punkt med omsyn til klassifisering i IUCN-kategori, norsk utbreiing, verdsutbreiing, habitat, truslar, status i Noreg, tilrådingar og kommentarar. Kategoriane nytta for klassifiseringa av dei trua moseartane er slik som i det nye IUCN-reglementet: extinct (EX: det modifiserte symbolet EV, vanished, er nytta), critically endangered (CR), endangered (EN), vulnerable (VU), lower risk - near threatened (LR-nt), og data deficient (DD). Lista byggjer i all hovudsak på registreringar av belegg i moseherbaria ved dei norske universitetsmusea i Bergen (BG), Oslo (O), Trondheim (TRH) og Tromsø (TROM). Størsteparten av herbariebelegga er ikkje kontrollsjekka med omsyn til riktig artsbestemming. Det kan derfor vera mange feil i lista. Feltarbeid er heller ikkje gjennomført for å finna kva for status artane har i dag. Artsutvalet og plasseringa av dei trua mosane i IUCN-kategori må derfor sjåast på som førebelse.

Arne A. Frisvoll, Norsk institutt for naturforskning (NINA), Tungasletta 2, 7005 Trondheim.

Hans H. Blom, Botanisk institutt, Fakultet for kjemi og biologi, NTNU, 7034 Trondheim

Forord

Foreliggende rapport er et resultat av prosjektet «Faktaark for trua moser» med Direktoratet for naturforvaltning som oppdragsgiver og Institutt for naturhistorie, Vitenskapsmuseet som ansvarlig prosjektutfører. Undertegnede har vært prosjektleder. Prosjektets formål har vært å lage faktaark for trua moser i Norge inklusive Svalbard, og oppdraget er spesifisert i kontrakt av 27.11.96 mellom DN og VM.

Arne Frisvoll og Hans H. Blom har vært engasjert henholdsvis 5 og 1 måned i første halvår 1997 for faglig og praktisk gjennomføring av prosjektet inklusive rapportskrivning. Frisvoll har utført hovedtyngden av arbeidet. I tillegg har Paul Schimmings, Per Gerhard Ihlen, Geir Ketil Arnesen og Tommy Prestø vært engasjert for å gjennomføre tilleggsregistreringer av belegg av aktuelle moser ved herbariene i henholdsvis Oslo (O), Bergen (BG), Tromsø (TROM) og Trondheim (TRH). En faggruppe bestående av Arne A. Frisvoll, Hans H. Blom, Lars Söderström, Tommy Prestø og undertegnede har fungert som kontakt- og diskusjonsforum under arbeidet.

Den økonomiske rammen for prosjektet har i liten grad gjort det mulig å foreta kontrollbestemmelse av det registrerte herbariematerialet. Dette inngikk da heller ikke som en del av kontrakten for det arbeid som skulle utføres. For mange arters vedkommende er det derfor betydelig usikkerhet knyttet til bestemmelsene og de navnene som står på etiketten. Inntil de nødvendige kontrollbestemmelser er foretatt, frarådes det derfor at «faktaarkene» i denne rapporten gjøres offentlig tilgjengelig og brukes i forbindelse med naturforvaltningsarbeid.

Trondheim, august 1997

Kjell I. Flatberg

Innhald

Samandrag

Forord

1	Arbeidet med trua mosar i Noreg med Svalbard	7
2	Om det skjematisk oppsettet for kvar art	7
2.1	IUCN-kategoriane	7
2.2	Norsk utbreiing.....	8
2.2.1	Vestlege element.....	8
2.2.2	Sørlege element	9
2.2.3	Søraustlege element.....	9
2.2.4	Austlege element	9
2.2.5	Nordleg element.....	9
2.2.6	Fjellelement	9
2.2.7	Vidtspreidde.....	9
2.2.8	Underpunktet <i>høgd</i>	9
2.2.9	Fylke og belegg/rapportar.....	10
2.3	Verdsutbreiing.....	10
2.4	Habitat	11
2.5	Truslar	11
2.6	Status i Noreg.....	11
2.7	Tilrådingar	11
2.8	Kommentar.....	11
2.9	Lokalitetar	11
3	Viktige artar som ikkje er med på trualista.....	13
3.1	Fastlandet	13
3.1.1	Alfabetisk liste	13
3.1.2	Ordna etter kategoriar.....	14
3.2	Svalbard.....	15
3.2.1	Ordna etter kategoriar	15
3.2.2	Svalbardmosar som manglar på fastlandet.....	15
4	Endringar i artsutval i høve til Frisvoll & Blom (1993).....	17
4.1	Fastlandet	17
4.1.1	Nye artar.....	17
4.1.2	Artar som er tekne ut av lista.....	17
4.2	Svalbard.....	18
4.2.1	Nye artar.....	18
4.2.2	Artar som er tekne ut av lista.....	19
5	Nomenklatur	19
6	Trua mosar, artslistar	20
6.1	Fastlandet	20
6.1.1	Alfabetisk liste	20
6.1.2	Ordna etter kategoriar	24
6.2	Svalbard.....	29
6.2.1	Alfabetisk liste	29
7	Trua mosar, artsgjennomgang med lokalitetar	32
7.1	Fastlandet	32
7.1.1	Bladmosar	32
7.1.2	Levermosar	112
7.2	Svalbard.....	137
7.2.1	Bladmosar	137
7.2.2	Levermosar	155
8	Litteratur	166

1 Arbeidet med trua mosar i Noreg med Svalbard

Frå før er det publisert ei kommentert liste over trua mosar i Noreg med Svalbard (Frisvoll & Blom 1993). Publikasjonen var basert på registreringar i dei norske universitetsherbaria i 1989-91. Mykje tid gjekk med til å skaffa oversikt over aktuelle artar, og mange av dei som vart kontrollerte i herbaria kom ikkje med. Lokalitetslister skulle den gong ikkje publiserast, men etikettopplysningar vart likevel rutinemessig førde på kartotekkort for dei fleste artane.

Dette kartoteket kunne no takast fram og skrivast inn på data. I tillegg måtte supplerande beleggopplysningar hentast inn frå herbaria, først og fremst for å få med moglege nye belegg etter førre registreringa, og i tillegg opplysningar for nokre nye artar. Også denne gongen er det brukt ein god del tid på artar som ikkje kom med. Oversyn over nye og utgåtte artar i høve til Frisvoll & Blom (1983) er gjeve i avsnitt 4.

Som i første utgåva av lista er Svalbard med. Vi prøvde å laga ei felles liste for Svalbard og fastlandet, men oppga det snart. Territoria er langt skilde geografisk, ja det er større avstand mellom det norske fastlandet og Svalbard enn mellom mange europeiske land med eigne lister. Dessutan er tilhøva for plantevekst svært ulike. Mange vanlege norske mosar har europeisk nordgrense på Svalbard. Som motstykke til dette står arktiske svalbardmosar som ikkje eller så vidt når Fastland-Europa (oftast arktisk Russland og kanskje ein til få lokalitetar i Fennoskandia). Denne siste gruppa høyrer til dei minst utbreidde europeiske mosane, og mange er med på den europeiske tualista (European Committee for Conservation of Bryophytes 1995).

Det må presiserast at ein svært liten del av herbariematerialet er kontrollert. Etikettane er skrivne av, men det artsnamnet som står utanpå mosekapselen kan vera feil.

2 Om det skjematiske oppsettet for kvar art

Denne rapporten inneheld i hovudsak lokalitetslister med eit innleiande oversyn i åtte (eller færre) punkt for kvar art: IUCN-kategoriar, norsk utbreiing, verdsutbreiing, habitat, truslar, status i Noreg, tilrådingar, og kommentar. Nedanfor blir kvart av punkta gjennomgåtte.

2.1 IUCN-kategoriar

For Noreg er symbolbruken slik som i det nye IUCN-reglementet: extinct (EX, men vi nyttar det modifiserte symbolet EV, vanished, for regionalt utgåtte artar, jf. Söderström 1995), critically endangered (CR), endangered (EN), vulnerable (VU), lower risk—near threatened (LR-nt), og data deficient (DD). Kategoriane har ikkje vore lette å bruka, m.a. fordi dei er såpass nye og derfor lite nytta og kommenterte i litteraturen. I dette avsnittet tyder Noreg alltid Fastland-Noreg som forskjellig frå Svalbard.

Det er sjølvsagt svært betenkeleg at størstparten av herbariebelegga ikkje er sjekka. Vi veit at mange innsamlingar er feilbestemte hos nokre artar/slekter. For å få sikre lokalitetslister må belegga for eit utval av artane i denne rapporten reviderast. Eit slikt utval av artar for revisjon er sett opp, og forslag til gjennomføring av dette heilt naudsynte arbeidet vil bli levert DN.

Vi har heller ikkje hatt feltarbeid for å finna dagens status for artane, og har derfor ikkje kunna bruka dei viktige IUCN-reglane om registrert tilbakegang. For fastlandet er det stort sett dei sjeldne artane (med fire eller færre lokalitetar og/eller med antatt små populasjonar) som er plasserte i eksakte kategoriar, medan fleirtalet står i kategorien DD. For Svalbard er alle med fire eller færre lokalitetar plasserte i kategorien sårbar (VU), og i praksis er berre desse med her.

Det står altså att to viktige punkt før ein har ei påliteleg liste over trua norske mosar kategoriserte etter det nye IUCN-reglementet. Det er å gå gjennom herbariebelegga slik som nemnd ovanfor, og etterpå sjekka dagens status i felt. Inntil vidare må derfor artsutval og følgjande plassering i kategoriar sjåast på som førebels:

Fastlandet

Kategori	EV	CR	EN	VU	DD	LR-nt	Sum
Bladmosar	2	20	23	26	88	3	162
<u>Levermosar</u>	<u>2</u>	<u>17</u>	<u>5</u>	<u>2</u>	<u>24</u>	<u>4</u>	<u>54</u>
Sum	4	37	28	28	112	7	216

Svalbard

Kategori	EV	CR	EN	VU	DD	LR-nt	Sum
Bladmosar	0	0	0	70	2	0	72
<u>Levermosar</u>	<u>0</u>	<u>0</u>	<u>0</u>	<u>37</u>	<u>4</u>	<u>0</u>	<u>41</u>
Sum	0	0	0	107	6	0	113

Elleve bladmosar og fem levermosar er med både frå fastlandet og Svalbard, så ialt 313 artar er omtala (205 bladmosar, 108 levermosar), sjå avsnitt 6.

Kategoriene for dei utanomnorske områda er frå publiserte lister, og gjeld Sverige (Aronsson et al. 1995), Finland (Rassi & Väisänen 1987) og Europa (European Committee for Conservation of Bryophytes 1995). Symbola gjeld dei gamle kategoriene extinct (Ex), endangered (E), vulnerable (V), rare (R) conservation dependent (Cd) og insufficiently known (K). Merk at ein null '0' viser at arten finst i Sverige eller Finland men ikkje er med i deira trualiste, medan eit minus '-' syner at arten manglar der.

2.2 Norsk utbreiing

Avsnittet gjeld berre Fastland-Noreg, og det er tre underpunkt. **Nordisk hovudmønster** er meir mangfaldig enn dei to neste underpunkta, og treng ei lengre forklaring. Botaniske artsførekomstar let seg ikkje lett gruppere i klare mønster, det gjeld kanskje i særleg grad raudlistemosane som høyrer til dei sjeldnaste mosane vi har. Synsvinkelen 'nordisk' og ikkje 'norsk' er vald for å få større realisme i grupperinga. Ei inndeling i plantegeografiske grupper basert på norsk utbreiing vil føra saman artar med ulike europeiske mønster - artar som har ulike klimakrav. Dette gjeld særleg der dei norske førekomstane er nordlege utpostlokalitetar for ei samanhengande utbreiing sørover. Vi følgjer i hovudsak inndelinga hos Økland (1989) og Tønsberg (1992) der nordisk (mest svensk) utbreiing er sett i samanheng med den norske. Der vi elles har vore i tvil har vi og trekt inn situasjonen på Dei britiske øyane. Vi skil mellom sju hovudmønster som igjen delvis er delte inn i grupper, og det er den aktuelle av desse siste gruppene som står oppført for kvar art. For nokre få er mønsteret usikkert. Systemet vi har bruka ser da slik ut:

2.2.1 Vestlege element

Vestleg. Veks berre i Noreg i Norden, på strekninga mellom Lista og Fræna pluss eventuelt øyane på Trøndelagskysten. Til denne gruppa fører vi og nokre artar som elles berre finst i fjellstrøka i Mellom-Europa og som kan vanta i Vest-Europa. Ein slik art (*Brachydontium trichodes* — skoddemose) har og ein isolert austnorsk førekomst.

Sørvestleg. Veks i ulike delar av kyststrøka (lengst nord til Trøndelag) og kan finnast i Danmark. Dette er eit kuldekjensleg (vintertermofyttisk) element som er i nær slekt med det sørlege, og der alle overgangar finst.

Trøndelagselementet. Artane finst i strøk med høg nedbør i Trøndelag opp til søre Nordland, eventuelt i Jämtland.

2.2.2 Sørlege element

Sterkt sørleg. Artane finst stort sett i den nemorale sona og derfor i den sørlegaste delen av Sverige og i kyststrøk hos oss, i hovudsak på strekninga frå Telemark til Jæren.

Sørleg. Artane finst også i den boreonemorale sona nord til Gästrikland i Sverige og det sørvestlege Finland. Hos oss går dei nord til Ringerike (unntaksvis lenger nord) på Austlandet og i eit belte langs kysten til Møre; nokre har utpostlokalitetar ved Trondheimsfjorden.

Svakt sørleg. Artane når den sørboreale sona. Nordgrensa for elementet i Noreg fell saman med sørgrensa for Troms fylke, men mange artar går ikkje så langt nord.

2.2.3 Sørøstlege element

Sterkt sørøstleg. Artane er hos oss utbreidde på strekninga mellom Ringerike og Kragerø; elles finst dei i det sørøstlegaste Sverige (nord til Väneren) og eventuelt i den austlegaste delen av Danmark.

Sørøstleg. Artane finst på Austlandet vest til vass-skiljet og i sørvest til Kristiansand, og i Sverige så langt nord som Jämtland.

Svakt sørøstleg. Elementet gjeld artar som også førekjem i dei indre fjordstrøka på Vestlandet og i Trøndelag og Nordland.

Sørøstleg kontinentalt eller **innlandselement.** Gjeld nokre artar som berre veks i sentrale dalstrøk i Sør-Noreg. Fleire av dei er disjunkte med næraste lokalitetar i Mellom-Europa.

2.2.4 Austlege element

Austleg. Artane finst vestover til vass-skiljet og manglar i Danmark.

Svakt austleg. Artane har ei vidare utbreiing, men har eit tydeleg austleg tyngdepunkt. Fleire når dei indre dal- og fjordstrøka på Vestlandet og nokre finst i Danmark.

2.2.5 Nordleg element

Hit fører vi alle artar med sørgrense i Nord-Skandinavia (Nord-Noreg hos oss). Både fjell- og låglandsartar høyrer hit.

2.2.6 Fjellelement

Hit reknar vi artar med førekomst på snaufjellet og i nordboreal region (fjellskogane). Nokre kan og finnast i den mellomboreale barskogssona, særleg langs vassdrag, og mange heilt ned til havnivå i Nord-Noreg.

2.2.7 Vidtspreidde

Hit kjem artar med svært spreidde førekomstar i Norden og som ikkje lett kan førast til noko anna element.

2.2.8 Underpunktet *høgd*

Dette gjev lægste og høgste innsamlingsstad så langt det går fram av herbarieetikettane. Før var det mindre vanleg å gi høgda på lokaliteten, og derfor er det fullt av manglar her. For mange lokalitetar er høgda teke ut frå kart, og fordi det er sjølvsagt at dei fleste av desse høgdetala er omtrentlege, har vi ofte

sløyfa *ca.* Der terrenget er sterkt kupert og lokaliteten upresis, er det umogleg å vita høgda (utan kanskje ved å leita i felt). Dersom høgda på lokaliteten, f.eks. ei mindre øy, ikkje kan vera over 50 m, er dette gjeve som <50 m. Sidan '50-150 m' helst tyder at arten veks i området frå 50 til 150 m, er det lagt inn ein variant '50→150 m' som tyder at artan veks ein stad mellom desse høgdenivåa. Dersom ein har ei høgde frå ein etikett, men er rimeleg sikker på at artan veks både høgare og lægre, kan dette vera uttrykt ved t.d. '-1275- m'. Tida har vore knapp, og det er ikkje vurdert om nokre av dei unøyaktige lokalitetane likevel må liggja høgare eller lægre enn det intervallet som er gjeve, så dette punktet kan forbeholdast. Truleg hadde det vore interessant å gje to høgdeintervall, eitt for Sør- og eitt for Nord-Noreg, men det har det ikkje vore tid til. Nokre gonger er den originale høgda på beleggetiketten nokså merkeleg; da er ei ny og sannsynlegvis rettare høgde teke ut og sett i parentes, medan den originale som vanleg står utanom parentesen.

2.2.9 Fylke og belegg/rapportar

Her finst eit samandrag av lokalitetslista. Nokre få gonger er to (eller fleire) nærliggjande lokalitetar vurderte som ein, og det forklarar eventuelle skort på samsvar mellom lista og tala her.

2.3 Verdsutbreiing

Punktet er todelt, og opplysningane er tekne frå Duell (1983, 1984, 1985). Underpunktet **hovudmønster** gjeld dei vanlege inndelingane i klimasoner og delvis geografiske soner (t.d. subarktisk, subalpin, temperert, submediterran), og er med litt kunnskap forståeleg; nemningane blir ikkje forklarte her. Vidare blir den europeiske førekomsten av arten gjeve summarisk, men merk at Duell har Sovjetunionen, Tsjekkoslovakia og Jugoslavia som udelte land, og derfor står det *ca* ved talet på land. Deretter kjem ei grov samanfatning av førekomst i verdsdelar. Ei finare standard plantegeografisk inndeling av jorda er gjeven i parentes til slutt. 'As 1-3/5' tyder t.d. at arten er kjend frå regionane Asia 1, 2, 3 og 5 (figur 1). Det er ikkje sagt kor vanlege dei er, og det kan godt henda ein art er svært sjeldan og interessant sjølv om han er rapportert frå mange eller dei fleste land i Europa. Mellom anna kan dagens status i mange av desse landa vera dårleg.

Figur 1. Plantegeografisk inndeling av verda brukt i denne rapporten. Frå Duell (1983).

2.4 Habitat

Først kjem ei hovudinndeling i fem habitat slik som hos Frisvoll & Blom (1993); grupperinga gjeld berg (underlag), fjell (sone), hei, jordbruksmark, skog og våtmark. Nemningane er nokså sjølvsegde og blir ikkje gjennomgatte på nytt her, men det kan nemnast at jordbruksmark omfattar kulturmark i vid meining, også byar. Så kjem oftast ein meir detaljert omtale av habitatet.

2.5 Truslar

Vi veit ikkje så mykje spesifikt om truslar for norske mosar, den fulle kunnskapen kan vi først få ved å gå ut i felt. Oftast er det dei generelle eller tenkte truslane som er førde opp. Truleg er dette også dei reelle truslane, men sjeldne artar kan stå overfor farar vi ikkje veit om, og det vil vera slike det må gjerast noko med i praksis.

2.6 Status i Noreg

Her burde dagens kjende status som resultat av ettersøking i felt ha kome. Sidan vi manglar ei slik undersøking, har vi prøvd å bruka aldersfordelinga av innsamlingane som statusmål. Tidsintervalla vi har vald gjeld periodane <1900, 1900-49, 1950-74, ≥1975, og i tillegg 'ukjend' der innsamlingsår manglar. For nokre få artar har vi kommentarar om sporadisk leiting etter arten i felt. Det er urovekkjande at så mange mosar på tualista er kjende berre frå gamle innsamlingar (ofte >100 år).

2.7 Tiltrådingar

Det var ikkje lett å fylla ut dette punktet utan feltarbeid, men der vi har meint å ha ein del informasjon har vi teke det med.

2.8 Kommentar

Punktet er berre fylt ut for nokre artar, og gjeld ofte taksonomi og økologi.

2.9 Lokalitetar

Punktet er hovudsakeleg ei opplisting av alle belegg i dei norske universitetsherbaria (sjå nedanfor) for alle artane. Ein del litteraturopplysningar er tekne med der dei gjev utfyllande kunnskap. Det er mest slike frå Svalbard. For fastlandet er lokalitetane for kvar art ordna fylkesvis i denne rekkefølga: Østfold, Akershus, Oslo, Hedmark, Oppland, Buskerud, Vestfold, Telemark, Aust-Agder, Vest-Agder, Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal, Sør-Trøndelag, Nord-Trøndelag, Nordland, Troms, Finnmark. Under kvart fylke kjem kommunane alfabetisk, medan fleire lokalitetar i kvar kommune er ordna etter kartblad (med stigande talverdi). Lokalitetar under same kommune og kartblad kjem oftast tilfeldig.

Etter kommunen kjem kartreferansen: først kartblad i M 711-serien, deretter rutetilvising i UTM-systemet, og sist høgda over havet. Kvaliteten på denne delen varierer etter kva som står på beleggetiketten. På nye belegg kan alle opplysningane vera fullstendige og skrivne av direkte. Sidan fleirtalet av belegga er gamle, manglar stort sett rutetilvising og svært ofte høgda på lokaliteten. Alle manglar er fylte ut frå kart så langt som råd. Målet har vore å gi kilometerruta og den omtrentleg høgda for kvar lokalitet, og der staden er godt beskriven, har dette stort sett vore mogleg. Men ofte har

det stått mellom to, fleire eller mange ruter, og da er alle desse med i referansen. Sjeldnare har det vore naudsynt å gi ei 10 x 10 km-rute.

UTM-rutenettet er nyleg omlagt, og det finst eit eldre (European Datum: ED50) og eit nytt (World Geodetic System: WGS84) kartsett. Forskjellen mellom det gamle og nye rutenettet er ikkje stor. Har ein koordinatane for WGS84 får ein desse i ED50 ved å leggja til frå 29 m aust og 192 m nord (i sonebelte 36V heilt i aust i Finnmark) til 81 m aust og 207 m nord (i sonebelte 32V heilt i vest). Vil ein gå andre vegen trekkjer ein verdiane frå. Det vil seia at ein lokalitet utteken etter det gamle rutenettet ofte vil falla i same kilometerruta på det nye, og elles i grenseområdet mot denne ruta. Fordi karta med det nye rutenettet nettopp har kome i sal, har vi gått ut frå at alle originale opplysningar på etikettane gjeld det gamle systemet, og desse står utan klammer i listene. Alle andre UTM-referansar er tekne ut på nye kart og står i [klammer].

Nokre lokalitetar kunne ikkje identifiserast innan den tid som stod til rådvelde. Likevel vart gamle rektangel- og amtskart (inkludert tyske krigskart) nytta i stor monn, og mange lokalitetar funne på den måten. Med meir tid og bruk av gamle kart, bykart og andre lokalkart kunne nok storparten av dei resterande lokalitetane identifiserast. Kontakt opp mot tilsette i kommunar og andre lokalkjende kunne sikker og løysa ein del namnegåter. Vi var ekstra nyfrikne på to stadnamn (Mellanalus og Mantermukka) i Porsanger kommune (fleire innsamlingar av spennande artar), og ein telefon dit gav resultat. Uidentifiserte stadnamn er understreka (t.d. Brakkesletta); dei kan likevel ha fått rutetilvising ut frå skjønn og opplysningar i andre kjelder. Ei slik viktig kjelde er Norske Gaardnavne av O. Rygh (vi hadde tilgang på binda frå Sogn og Fjordane og nordover).

Opplysningar om lokalitet og habitat er skrivne av direkte frå etiketten, men i denne samanhengen har ein sett det som ei ulempe å nytta gammal rettskriving. Ein god del stadnamn er endra frå original skrivemåte til den forma som finst på karta i M 711-serien. Der identiteten mellom gammal og ny namneform er sikker, er det inga opplysning om den gamle (t.d. Glommen til Glomma, Leangbugten til Leangbukta, Strinden til Strinda). Men har det vore minste tvil om dette, eller dersom namnekonstruksjonen er ulik, er den gamle forma teken med i (vanleg parentes) (t.d. Rossheinibba (Rosheimsnibba), Øra (Hernesøren), Ågårdselva (Sollielven)). Der ein ikkje har funne noka sikker eller truleg ny namneform står berre den gjevne, og da er lokaliteten oftast ikkje identifisert. Originale parentesar på etiketten står {slik}. Eigne kommentarar er stundom med og alltid i [klammer]. Ut over dette er dansk skrivemåte på ord i eldre tekst førd over til meir oppdatert ortografi (t.d. trærødder → trerøtter, stene af granit → stener av granitt, bøgeskov → bøkskog, og alltid aa → å). Dei mange latinske sekvensane står derimot uendra og alltid i *kursiv*; dei vitnar om stor lærdom hos desse bryologane, og vi har ikkje tort omsetja dette sjølv om det meste er forståeleg. Likeins er svensk, engelsk og tysk tekst uendra.

Frå dei fleste lokalitetane er det innsamlingar i BG, O, TRH, og/eller TROM (herbaria ved universitetsmusea i Bergen, Oslo, Trondheim og Tromsø). Men nokre litteraturopplysningar er med utan at belegg vart funne i desse herbaria. Nokre belegg finst sikkert i svenske herbarium, men det er godtgjort berre i få tilfelle.

Nokre artar er ettersøkte på nokre lokalitetar. 'Inv.: T. Kavli 1970: ÷' tyder at arten er ettersøkt av den gjevne personen det året, og at resultatet var negativt. Dersom arten heilt sikkert må vera utgått vil det stå '0'. Dersom artan vart attfunnen står tal frå 1-4 — der 1 er små og 4 store mengder av arten.

På Svalbard er skjemaet enklare. Der er lokalitetane ordna frå sør (Bjørnøya) mot nord (Spitsbergen V, Nordaustlandet) og tilslutt i aust (Spitsbergen A, Edgeøya til Kong Karls Land). Fordi dei fleste belegga er frå den største øya, Spitsbergen, er denne sløyfa som inngangsnamn for lokaliteten. Dette er vanlegvis ein av dei store fjordane der, eller ei av dei andre øyane o.l. Svalbardkarta har ikkje UTM-rutenett og slik referanse manglar derfor. Namn på Svalbard er oppdaterte i høve til Norges Svalbard- og Ishavsundersøkelser (1942), og som for Fastland-Noreg er gamle navn gjevne i parentes.

3 Viktige artar som ikkje er med på trualista

Etter det vi veit er ein del mosar i dag rimeleg vanlege i Fastland-Noreg/Svalbard, medan dei manglar eller er sjeldne elles i Europa eller verda. I alt fem slike artar er kategoriserte som sårbare i europeisk samanheng (listene nedanfor). Dei kan såleis sjåast på som nokre av dei mest interessante mosane vi har. Blant desse artane er det til og med skandinaviske endemismar. Ein (*Cynodontium suecicum* storskortemose) står jamvel på Bern-konvensjonens liste over trua mosar i Europa. Når det gjeld svalbardmosane finst dei fleste av desse ikkje i Fastland-Noreg, og elles er dei ofte funne berre i Russland i resten av Europa. Slik vi har tolka dei nye IUCN-kategoriene kan ikkje lokalt sett mindre sjeldne artar som ikkje har hatt tilbakegang, bli med på ei nasjonal trualiste. Det har ikkje vore tid til å gå inn på denne problematikken, og vi er ikkje nøgde med situasjonen og vår eiga liste på dette punktet. Ni av desse artane står på den første norske trualista (Frisvoll & Blom 1993), og dei er kursiverte nedanfor.

Her følgjer dei artane som **ikkje** er med på vår liste her, men som står på den europeiske lista (European Committee for Conservation of Bryophytes 1995). Truakategorien der er gjeven (K = Insufficiently known, R = Rare, RT = Regionally threatened, T = Taxonomically ill-defined at present, V = Vulnerable). Etter vårt skjønn må fleire av desse artane takast med i vurderinga ved framtidig nasjonalt/internasjonalt arbeid med norske trua mosar.

3.1 Fastlandet

3.1.1 Alfabetisk liste

Bladmosar

- R *Andreaea crassinervia* — Svasotmose
- R *Andreaea frigida* — Strandsotmose
- R *Andreaea megistospora* — Storsporesotmose
- R *Bryhnia novae-angliae* — Oremose
- K *Bryum curvatum* — Snutevrangmose
- RT *Bryum marratii* — Dynevrangmose
- K *Bryum oblongum* — Pærevrangmose
- T *Bryum rutilans* — Skjørvrangmose
- RT *Bryum uliginosum* — Siprevrangmose
- T *Bryum veronense* — Blassvrangmose
- R *Bryum warneum* — Havvrangmose
- R *Bryum wrightii* — Blodvrangmose
- RT *Buxbaumia aphylla* — Brunsko
- RT *Campylium elodes* — Snerpstjernemose
- V *Cynodontium suecicum* — Storskortemose
- K *Dicranodontium asperulum* — Raspljåmose
- R *Didymodon asperifolius* — Heikurlemose
- K *Grimmia apiculata* — Høknausing
- R *Grimmia atrata* — Kisknausing
- R *Grimmia sessitana* — Svaknausing
- R *Homalothecium geheebii* — Lundsilkemose
- R *Hygrohypnum montanum* — Huldrebekekemose
- K *Mielichhoferia elongata* — Kopparkismose
- R *Neckera besseri* — Buttfellmose
- RT *Orthotrichum gymnostomum* — Ospebustehette
- K *Pseudoleskeella rupestris* — Fjelltråkleemose
- R *Sanionia nivalis* — Fjellbleikemose
- K *Schistidium papillosum* — Raudblomstermose

- K Schistidium pruinosum — Solblomstermose
- K *Schistidium tenerum* — Trådblomstermose
- K Schistidium trichodon — Bekblomstermose
- K Seligeria brevifolia — Svaiblygmose
- K Seligeria tristichoides — Radblygmose
- R Sphagnum angermanicum — Glastorvmose
- R Tortula cernua — Kryltustmose
- V Tortula systylia — Hatt-tustmose
- RT Ulota coarctata — Pløsegullhette

Levermosar

- R *Anastrophyllum donnianum* — Praktdraugmose
- R Arnellia fennica — Kragemose
- K Gymnocolea borealis — Brundymose
- K Jungermannia jenseniana — Trådsleivmose
- K Marsupella adusta — Busthutremose
- R Marsupella andreaeoides — Sothutremose
- R Marsupella revoluta — Vrenghutremose
- R *Sphenolobopsis pearsonii* — Taglmose

3.1.2 Ordna etter kategoriar

Bladmosar

- V *Cynodontium suecicum* — Storskortemose
- V Tortula systylia — Hatt-tustmose

- R *Andreaea crassinervia* — Svasotmose
- R *Andreaea frigida* — Strandsotmose
- R *Andreaea megistospora* — Storsporesotmose
- R Bryhnia novae-angliae — Oremose
- R Bryum warneum — Havvrangmose
- R *Bryum wrightii* — Blodvrangmose
- R Didymodon asperifolius — Heikurlemose
- R *Grimmia atrata* — Kisknausing
- R *Grimmia sessitana* — Svaknausing
- R Homalothecium geheebii — Lundsilkemose
- R Hygrohypnum montanum — Huldrebekekemose
- R Neckera besseri — Buttfellmose
- R Sanionia nivalis — Fjellbleikmose
- R Sphagnum angermanicum — Glastorvmose
- R Tortula cernua — Kryltustmose

- K Bryum curvatum — Snutevrangmose
- K Bryum oblongum — Pærevrangmose
- K Dicranodontium asperulum — Raspljåmose
- K *Grimmia apiculata* — Høknausing
- K *Mielichhoferia elongata* — Kopparkismose
- K Pseudoleskeella rupestris — Fjelltråkleemose
- K Schistidium papillosum — Raudblomstermose
- K Schistidium pruinosum — Solblomstermose
- K *Schistidium tenerum* — Trådblomstermose
- K Schistidium trichodon — Bekblomstermose

- K Seligeria brevifolia — Svaiblygmose
- K Seligeria tristichoides — Radiblygmose

- RT Bryum marratii — Dynevranngmose
- RT Bryum uliginosum — Siprevranngmose
- RT Buxbaumia aphylla — Brunsko
- RT Campylium elodes — Snerpstjernemose
- RT Orthotrichum gymnostomom — Ospebustehette
- RT Ulota coarctata — Pløsegullhette

- T Bryum rutilans — Skjørvrangmose
- T Bryum veronense — Blassvrangmose

Levermosar

- R *Anastrophyllum donnianum* — *Praktdraugmose*
- R Arnellia fennica — Kragemose
- R Marsupella andreaeoides — Sothutremose
- R Marsupella revoluta — Vrenghutremose
- R *Sphenolobopsis pearsonii* — *Taglmose*

- K Gymnocolea borealis — Brundymose
- K Jungermannia jenseniana — Trådsleivmose
- K Marsupella adusta — Busthutremose

3.2 Svalbard

3.2.1 Ordna etter kategoriar

Bladmosar

- V Sphagnum arcticum — Polartorvmose
- V Timmia sibirica — Tundrasliremose
- V Voitia hyperborea — Snabelmose

- R Cinclidium latifolium — Fagergittermose
- R Funaria arctica — Polarbråtemose
- R Orthotrichum pellucidum — Tuebustehette
- R Orthotrichum sordidum — Holtannbustehette
- R Racomitrium panschii — Tundragråmose
- R Trichostomum arcticum — Tundrasvamose

- K Pseudocalliergon brevifolium — Polargulmose
- K Seligeria polaris — Polariblygmose

Levermosar

- R Cephaloziella uncinata — Tundrapistremose

3.2.2 Svalbardmosar som manglar på fastlandet

Som supplement til utvalet og vurderinga av artane i avsnitt 3.2.1 set vi inn ei liste over norske mosar som ikkje finst på fastlandet (stort sett Svalbard, i alt 35 artar pluss ein underart der, og ein art på Jan Mayen; sjå elles Frisvoll et al. 1995, Frisvoll & Elvebakk 1996). Dei tolv artane ovanfor er sjølvsagt med, og kategoriane hos European Committee for Conservation of Bryophytes (1995) er gjevne også nedanfor. Nokre av dei uplasserte artane burde opplagt vore med på den europeiske lista.

Arter med 1-4 lokaliteter på Svalbard (alle med på turalista i dette arbeidet):

Bladmosar

- R *Bryobrittonia longipes* — Tungemose
- V *Campylium longicuspis* — Polarstjernemose
- Ceratodon antarcticus* — Polarvegmose
- T *Ceratodon heterophyllus* — Buttvegmose
- V *Didymodon mamillosus* — Øykurlemose (Jan Mayen)
- V *Encalypta brevipes* — Frostklokkemose
- V *Fissidens arcticus* — Polarlommemose
- R *Oreas martiana* — Alpemose
- R *Plagiothecium berggrenianum* — Grasjammemose
- Plagiothecium svalbardense* — Polarjammemose
- Schistidium holmenianum* — Tundrablomstermose

Levermosar

- R *Cryptocolea imbricata* — Leppemose
- Lophozia hyperarctica* — Isflik
- R *Lophozia latifolia* — Aksflik
- R *Marsupella arctica* — Polarhutremose
- R *Mesoptychia sahlbergii* — Midnattsolmose
- R *Scapania simmonsii* — Polartvibladmose

Arter med > 4 lokaliteter på Svalbard (ikkje med på turalista i dette arbeidet):

Bladmosar

- Campylium arcticum* — Tundrastjernemose
- R *Cinclidium latifolium* — Fagergittermose
- Didymodon johanseni* — Nasekurlemose
- Encalypta longicollis* — Sporeklokkemose
- R *Funaria arctica* — Polarbråtemose
- Molendoa tenuinervis* — Tettmose
- R *Orthotrichum pellucidum* — Tuebustehette
- R *Orthotrichum sordidum* — Holtannbustehette
- K *Pseudocalliergon brevifolium* — Polargulmose
- R *Racomitrium panschii* — Tundragråmose
- Schistidium grandirete* — Polarblomstermose
- K *Seligeria polaris* — Polarblygmose
- V *Sphagnum arcticum* — Polartorvmose
- Sphagnum fimbriatum* ssp. *concinnum* — Frynsetorvmose ssp.
- Sphagnum olafii* — Frosttorvmose
- Sphagnum tundrae* — Tundratorvmose
- V *Timmia sibirica* — Tundrasliremose
- R *Trichostomum arcticum* — Tundrasvamose
- V *Voitia hyperborea* — Snabelmose

Levermosar

- R *Cephaloziella uncinata* — Tundrapistremose

4 Endringer i artsutval i høve til Frisvoll & Blom (1993)

4.1 Fastlandet

4.1.1 Nye artar

Kategoriane gjeld dette arbeidet.

Bladmosar

- DD Bryum acutiforme — Sandvrangmose
- DD Bryum calophyllum — Holtannvrangmose
- DD Bryum excurrens — Ørvrangmose
- DD Bryum longisetum — Storsporevrangmose
- DD Bryum neodamense — Myrvrangmose
- DD Bryum nitidulum — Jøkulvrangmose
- DD Bryum vermigerum — Snøvrangmose
- DD Cirriphyllum tommasinii — Mjukveikmose
- EN Grimmia arenaria — Hårknausing
- DD Hedwigia integrifolia — Beitesteinmose
- DD Heterocladium wulfsbergii — Kystflope
- VU Hygrohypnum micans — Gløsbekkemose
- DD Hygrohypnum norvegicum — Svabekkemose
- DD Leptodontium flexifolium — Brannmose
- DD Schistidium platyphyllum ssp. abrupticostatum
- EN Schistidium singarense — Bunkersblomstermose
- DD Schistidium submuticum ssp. submuticum — Rekkeblomstermose

Levermosar

- DD Barbilophozia rubescens — Heiskjeggmose
- DD Cephaloziella arctogena — Viddepistremose
- DD Cephaloziella elegans — Fagerpistremose

4.1.2 Artar som er tekne ut av lista

Kategoriane gjeld Frisvoll & Blom (1993). V- betyr omsynskrevjande.

Bladmosar

- R Andreaea crassinervia — Svasotmose
- R Bryum cryophilum — Rosevrangmose
- R Bryum wrightii — Blodvrangmose
- R Campylopus introflexus — Ribbesåtemose
- V- Cynodontium suecicum — Storskortemose
- V- Ephemerum minutissimum — Småalgemose
- V- Ephemerum serratum — Storalgemose
- R Grimmia atrata — Kisknausing
- R Grimmia sessitana — Svaknausing
- R Grimmia subsulcata — Foldknausing
- R Hypnum procerrimum — Kamflette
- R Isothecium holtii — Vasshalemose
- R Mielichhoferia elongata — Kopparkismose
- R Pohlia sphagnicola — Torvnikke

- R Pseudocalliergon angustifolium — Snøgulmose
- R Rhynchostegiella tenella — Skorteagnemose
- R Schistidium tenerum — Trådblomstermose
- E Sematophyllum demissum — Gløsmose

Levermosar

- V- Anastrophyllum donnianum — Praktdraugmose
- V- Anastrophyllum hellerianum — Pusledraugmose
- V- Cephalozia catenulata — Stubbeglesemose
- R Gymnocola acutiloba — Brodd-dymose
- V- Lophozia longiflora — Fauskmose
- R Porella obtusata — Glansteppemose
- R Sphenobopsis pearsonii — Taglmose
- V- Trichocolea tomentella — Ullmose

4.2 Svalbard

4.2.1 Nye artar

Bladmosar

- Brachythecium coruscum — Blakklundmose
- Brachythecium reflexum — Sprikelundmose
- Bryum salinum — Fjærevrangmose
- Campylium protensum — Skogstjernemose
- Ceratodon antarcticus — Polarvegmose
- Cetarodon heterophyllus — Buttvegmose
- Cnestrum alpestre — Skortemyggmose
- Dicranum angustum — Grassigd
- Didymodon mamillosus — Øykurlemose (Jan Mayen)
- Grimmia donniana — Vardeknausing
- Kiaeria falcata — Sigdfrostmose
- Lescuraea plicata — Storraspmose
- Orthotrichum alpestre — Seterbustehette
- Plagiothecium berggrenianum — Grasjammemose
- Plagiothecium svalbardense — Polarjammemose
- Pseudocalliergon angustifolium — Snøgulmose
- Racomitrium sudeticum — Setergråmose
- Schistidium holmenianum — Tundrablomstermose
- Schistidium pulchrum — Glansblomstermose
- Schistidium submuticum — Rekkeblomstermose
- Schistidium umbrosum — Klippeblomstermose
- Schistidium venetum — Fjellblomstermose
- Sphagnum obtusum — Buttorvmose
- Sphagnum olafii — Frosttorvmose
- Sphagnum riparium — Skartorvmose
- Splachnum sphaericum — Blankmøkkmose
- Tetraplodon blyttii — Kuppellemenmose
- Tortula systylia — Hatt-tustmose

Levermosar

Cephalozia bicuspidata — Broddglefsemose
Harpanthus scutatus — Kystsalmose
Lophozia gillmanii — Broddflik
Lophozia polaris — Polarflik
Marchantia polymorpha — Ugrastvare
Marsupella arctica — Polarhutremose
Nardia geoscyphus — Skåltrappemose
Peltolepis quadrata — Mørkleggmoser
Scapania curta — Aurtvibladmose
Scapania mucronata — Broddtvibladmose
Scapania uliginosa — Kjeldetvibladmose

4.2.2 Artar som er tekne ut av lista

Bladmosar

Aongstroemia longipes — Stiftmose
Polytrichum swartzii — Pelsbjørnemose
Rhytidiadelphus squarrosus — Engkransmose

Levermosar

Jungermannia obovata — Sprikesleivmose

5 Nomenklatur

Vitskaplege og norske mosenamn følgjer Frisvoll et al. (1995). Fem artsnamn er nye i høve til dette arbeidet (*Campylium protensum*, *Cephaloziella arctogena*, *Grimmia arenaria*, *Leptodontium flexifolium* og *Schistidium platyphyllum*). Av praktiske grunnar er dei to nålkapselmosane (*Anthoceros agrestis*, *Phaeoceros carolinianus*) handsama som levermosar. Nokre namn frå European Committee for Conservation of Bryophytes (1995) er endra utan at det er nemnt. Dei følgjande artane i tualista har skifta namn i høve til Frisvoll & Blom (1993), det nye namnet sist.

Bladmosar

Aphanorhegma patens = Physcomitrella patens
Brachythecium fendleri = Brachythecium collinum
Brachythecium ryanii = Brachythecium campestre
Bryum subapiculatum = Bryum micro-erythrocarpum
Desmatodon laureri = Tortula laureri
Desmatodon leucostoma = Tortula leucostoma
Funaria muhlenbergii = Entosthodon muhlenbergii
Tortula intermedia = Syntrichia intermedia
Tortula laevipila = Syntrichia laevipila
Tortula papillosa = Syntrichia papillosa
Tortula virescens = Syntrichia virescens

Levermosar

Lophocolea fragrans = Chiloscypus fragrans

6 Trua mosar, artslister

Artane frå fastlandet og Svalbard blir omtala kvar for seg. Seksten artar er med begge stader (bladmosar: *Brachythecium coruscum*, *Dicranum tauricum*, *Didymodon tophaceus*, *Encalypta mutica*, *Hamatocaulis vernicosus*, *Orthothecium lapponicum*, *Pohlia atropurpurea*, *Schistidium submuticum* med ulike underartar, *Seligeria oelandica*, *Tetraplodon blyttii* og *Warnstorfia pseudostraminea*. Levermosar: *Haplomitrium hookeri*, *Lophozia pellucida*, *L. perssonii*, *L. polaris* og *Scapania spitsbergensis*).

6.1 Fastlandet

6.1.1 Alfabetisk liste

Bladmosar

- VU *Acaulon muticum* (Hedw.) C. Müll. — Sveipmose
- CR *Aloina aloides* (K.F. Schultz) Kindb. — Snutetøffelmose
- DD *Amblystegium fluviatile* (Hedw.) Schimp. — Striglekrypmose
- VU *Amblystegium humile* (P. Beauv.) Crundw. — Snurpkrypmose
- DD *Amblystegium saxatile* Schimp. — Stjernekrpmose
- DD *Amblystegium tenax* (Hedw.) C. Jens. — Nervekrypmose
- VU *Amblystegium varium* (Hedw.) Lindb. — Flokekrypmose
- CR *Anoetangum warburgii* Crundw. & M. Hill — Kystjuvmose
- VU *Arctoa anderssonii* Wich. — Sveipjøkulmose
- DD *Atractylocarpus alpinus* (Milde) Lindb. — Sylmose
- CR *Barbula crocea* (Brid.) Web. & Mohr — Knoppskruemose
- EN *Bartramia breviseta* Lindb. — Strunkkulemose
- DD *Brachydontium trichodes* (Web.) Milde — Skoddemose
- DD *Brachythecium campestre* (C. Müll.) Schimp. — Bakkellundmose
- DD *Brachythecium coruscum* I. Hag. — Blakklundmose
- DD *Bryoerythrophyllum alpigenum* (Vent.) Chen — Tannformose
- DD *Bryum acutiforme* Limpr. — Sandvrangmose
- DD *Bryum axel-blyttii* Philib. — Spissvrangmose
- DD *Bryum blindii* Bruch & Schimp. — Klumpvrangmose
- DD *Bryum bornholmense* Winkelm. & Ruthe — Storknollvrangmose
- DD *Bryum calophyllum* R. Brown — Holtannvrangmose
- DD *Bryum excurrens* Lindb. — Ørvrangmose
- CR *Bryum funckii* Schwaegr. — Knoppvrangmose
- DD *Bryum klinggraeffii* Schimp. — Raudknollvrangmose
- DD *Bryum longisetum* Schwaegr. — Storsporevrangmose
- DD *Bryum micro-erythrocarpum* C. Müll. & Kindb. — Kuleknollvrangmose
- DD *Bryum neodamense* C. Müll. — Myrvrangmose
- DD *Bryum nitidulum* Lindb. — Jøkulvrangmose
- VU *Bryum riparium* I. Hag. — Kantknollvrangmose
- DD *Bryum ruderale* Crundw. & Nyh. — Åkerknollvrangmose
- DD *Bryum subelegans* Kindb. — Lodnevrangmose
- DD *Bryum tenuisetum* Limpr. — Gulknollvrangmose
- DD *Bryum turbinatum* (Hedw.) Turn. — Klokkevrangmose
- DD *Bryum vermigerum* H. Arn. & C. Jens. — Snøvrangmose
- DD *Buxbaumia viridis* (DC.) Moug. & Nestl. — Grønsko
- DD *Callicladium haldanianum* (Grev.) Crum. — Morknemose
- VU *Campylium laxifolium* Engelm. & Hedenäs — Kjeldestjernemose

- DD *Campylopus pyriformis* (K.F. Schultz) Brid. — Torvsåtemose
 VU *Cinclidium arcticum* (Bruch & Schimp.) Schimp. — Fjellgittermose
 DD *Cinclidotus fontinaloides* (Hedw.) P. Beauv. — Strykmose
 DD *Cirriphyllum tommasinii* (Boul.) Grout — Mjukveikmose
 VU *Cnestrum glaucescens* (Lindb. & H. Arn.) Mogensen & Steere — Tundramyggmose
 DD *Dicranella humilis* Ruthe — Nuddgrøftemose
 DD *Dicranella riparia* (H. Lindb.) Mårt. & Nyh. — Bregrøftemose
 EN *Dicranum fulvum* Hook. — Nervesigd
 DD *Dicranum laevidens* Williams — Polarsigd
 DD *Dicranum tauricum* Sapehin — Borksigd
 VU *Dicranum viride* (Sull. & Lesq.) — Stammesigd
 VU *Didymodon glaucus* Ryan — Blåkurlemose
 LR-nt *Didymodon tophaceus* (Brid.) Lisa — Tungekurlmose
 DD *Discelium nudum* (Dicks.) Brid. — Flaggmose
 EN *Distichium hagenii* Philib. — Polarplanmose
 DD *Drepanocladus capillifolius* (Warnst.) Warnst. — Storklo
 DD *Drepanocladus sendtneri* (H. Müll.) Warnst. — Nerveklo
 EN *Encalypta microstoma* Bals. & De Not. — Alpeklokkemose
 DD *Encalypta mutica* I. Hag. — Buttklokkemose
 DD *Encalypta spathulata* C. Müll. — Hårklokkemose
 DD *Encalypta vulgaris* Hedw. — Småklokkemose
 EV *Entosthodon muhlenbergii* (Turn.) Fife — Bråtekoppmose
 LR-nt *Eucladium verticillatum* (Brid.) Bruch & Schimp. — Kalkveggmose
 CR *Eurhynchium flotowianum* (Sendtn.) Kartt. — Agnemoldmose
 EN *Eurhynchium pumilum* (Wils.) Schimp. — Trådmoldmose
 DD *Eurhynchium striatulum* (Spruce) Schimp. — Bergmoldmose
 DD *Fissidens exilis* Hedw. — Grøftelommemose
 DD *Fissidens gracilifolius* Brugg. & Nyh. — Pyslommemose
 VU *Fissidens polyphyllus* Schimp. — Bekkelommemose
 DD *Fissidens pusillus* (Wils.) Milde — Grannlommemose
 DD *Fontinalis bryhnii* I. Hag. — Mudderelvemose
 DD *Glyphomitrium daviesii* (Dicks.) Brid. — Øygardsmose
 EN *Grimmia arenaria* Hampe — Hårknausing
 DD *Grimmia caespiticia* (Brid.) Jur. — Skjeggknausing
 DD *Grimmia laevigata* (Brid.) Brid. — Fjordknausing
 EN *Grimmia plagiopodia* Hedw. — Fugleknausing
 VU *Gyroweisia tenuis* (Hedw.) Schimp. — Knattmose
 DD *Habrodon perpusillus* (De Not.) Lindb. — Parkmose
 DD *Hamatocaulis vernicosus* (Mitt.) Hedenäs — Alvemose
 DD *Hedwigia integrifolia* P. Beauv. — Beitesteinmose
 DD *Herzogiella turfacea* (Lindb.) Iwats. — Sigdfauskmose
 DD *Heterocladium wulfsbergii* I. Haag. — Kystflope
 VU *Hygrohypnum micans* (Mitt.) Broth. — Pløsbekkemose
 DD *Hygrohypnum norvegicum* (Schimp.) Amann — Svabekkemose
 VU *Hygrohypnum styriacum* (Limpr.) Broth. — Broddbekkemose
 VU *Hypnum dolomiticum* Milde — Marmorflette
 DD *Hypnum sauteri* Schimp. — Trådflette
 VU *Isopterygiopsis alpicola* (Lindb. & H. Arn.) Hedenäs — Hårblankmose
 DD *Leptodontium flexifolium* (Dicks.) Lindb. — Brannmose
 DD *Meesia longiseta* Hedw. — Stakesvanemose
 DD *Mielichhoferia mielichhoferiana* (Funck) Loeske — Sigdkismose
 DD *Myrinia pulvinata* (Wahlenb.) Schimp. — Skvulpmose

- DD *Neckera pennata* Hedw. — Sveipfellmose
 EN *Oreowesia torquescens* (Brid.) Wijk & Marg. — Skrentmose
 CR *Orthothecium lapponicum* (Schimp.) C. Hartm. — Lappaustmose
 VU *Orthotrichum laevigatum* Zett. — Skiferbustehette
 DD *Orthotrichum limprichtii* I. Hag. — Knausbustehette
 DD *Orthotrichum patens* Brid. — Sveipbustehette
 DD *Orthotrichum philibertii* Vent. — Almebustehette
 DD *Orthotrichum rogeri* Brid. — Sporebustehette
 CR *Orthotrichum scanicum* Grønv. — Lundbustehette
 CR *Orthotrichum stellatum* Brid. — Havbustehette
 EN *Orthotrichum tenellum* Brid. — Spolebustehette
 CR *Phascum curvicolle* Hedw. — Dubbeløkmose
 DD *Physcomitrella patens* (Hedw.) Bruch. & Schimp. — Muddermose
 DD *Plagiothecium latebricola* Schimp. — Orejammemose
 DD *Pleuridium acuminatum* Lindb. — Snerpfaksmose
 CR *Pleuridium palustre* (Bruch & Schimp.) Bruch & Schimp. — Hattfaksmose
 DD *Pohlia andrewsii* Shaw — Krokknoppnikke
 DD *Pohlia atropurpurea* (Wahlenb.) H. Lindb. — Bruntann-nikke
 VU *Pohlia erecta* Lindb. — Raknikke
 CR *Pohlia lutescens* (Limpr.) H. Lindb. — Vorteknollnikke
 DD *Pohlia vexans* (Limpr.) H. Lindb. — Gulltann-nikke
 DD *Polytrichastrum pallidisetum* (Funk) G.L. Sm. — Skalpbinemose
 CR *Pottia commutata* Limpr. — Kalkbegermose
 DD *Pottia davalliana* (Sm.) C. Jens. — Piggbegermose
 EN *Pottia lanceolata* (Hedw.) C. Müll. — Tannbegermose
 DD *Pseudocalliergon lycopodioides* (Brid.) Hedenäs — Striglegulmose
 CR *Pseudocrossidium hornschurchianum* (K.F. Schultz) Zander — Lansemose
 CR *Pseudoleskeella papillosa* (Lindb.) Kindb. — Vortetråkleose
 VU *Psilopilum cavifolium* (Wils.) I. Hag. — Småkomagmose
 DD *Psilopilum laevigatum* (Wahlenb.) Lindb. — Storkomagmose
 DD *Pterygoneurum ovatum* (Hedw.) Dix. — Stjertmose
 VU *Rhabdowesia crenulata* (Mitt.) Jameson — Buttturnemose
 EN *Rhizomnium andrewsianum* (Steere) T. Kop. — Polarrundmose
 EV *Rhynchostegiella teesdalei* (Schimp.) Limpr. — Bekkeagnemose
 CR *Rhynchostegium alopecuroides* (Brid.) A.J.E. Sm. — Kystskeimose
 DD *Rhynchostegium confertum* (Dicks.) Schimp. — Broddskeimose
 CR *Schistidium atrofusum* (Schimp.) Limpr. — Buttblomstermose
 VU *Schistidium bryhnii* I. Hag. — Hårblomstermose
 DD *Schistidium confertum* (Funk) Bruch & Schimp. — Dvergblomstermose
 VU *Schistidium flaccidum* (De Not.) Ochyra — Ufsblomstermose
 DD *Schistidium platyphyllum* (Mitt.) Kindb. ssp. *abrupticostatum* (Bryhn) c.ined.
 EN *Schistidium singarense* (Schiffn.) Laz. — Bunkersblomstermose
 DD *Schistidium submuticum* Blom ssp. *submuticum* — Rekkeblomstermose
 EN *Seligeria acutifolia* Lindb. — Nålblygmose
 EN *Seligeria campylopoda* Kindb. — Krokbllygmose
 CR *Seligeria oelandica* C. Jens. & Medel. — Begerblygmose
 DD *Seligeria pusilla* (Hedw.) Bruch & Schimp. — Nurkblygmose
 EN *Seligeria subimmersa* Lindb. — Øreblygmose
 VU *Sphagnum troendelagicum* Flatb. — Trøndertorvmose
 LR-nt *Sphagnum wulfianum* Girg. — Huldretorvmose
 EN *Splachnum melanocaulon* (Wahlenb.) Schwaegr. — Bleikmøkkmose
 DD *Syntrichia intermedia* Brid. — Midjehårstjerne

- VU *Syntrichia laevipila* Brid. — Alnehårstjerne
 DD *Syntrichia papillosa* (Wils.) Jur. — Ynglehårstjerne
 EN *Syntrichia virescens* (De Not.) Ochyra — Borkhårstjerne
 VU *Tayloria acuminata* Hornsch. — Spisstrompetmose
 EN *Tayloria serrata* (Hedw.) Bruch & Schimp. — Sagtrompetmose
 DD *Tayloria splachnoides* (Schwaegr.) Hook. — Setertrompetmose
 DD *Tetraplodon blyttii* Frisv. — Kuppellemenmose
 EN *Tetraplodon paradoxus* (R. Brown) I. Hag. — Blindlemenmose
 DD *Tortella densa* (Lor. & Mol.) Crundw. & Nyh. — Stripevrिमose
 VU *Tortella flavovirens* (Bruch) Broth. — Dynevrिमose
 EN *Tortula laureri* (Schultz) Lindb. — Nikketustmose
 DD *Tortula leucostoma* (R. Brown) Hook. & Grev. — Krølltustmose
 EN *Tortula obtusifolia* (Schwaegr.) Math. — Klostertustmose
 DD *Trematodon laetevirens* Hakelner & Frahm — Flogtranemose
 CR *Trochobryum carniolicum* Breidl. & Beck — Svepemose
 DD *Warnstorfia pseudostraminea* (C. Müll.) Tuom. & T. Kop. — Pyttløkkemose
 CR *Weissia longifolia* Mitt. — Sveipkrusmose
 DD *Weissia perssonii* Kindb. — Stripekrusmose
 EN *Weissia rostellata* (Brid.) Lindb. — Blindkrusmose
 EN *Weissia squarrosa* (Nees & Hornsch.) C. Müll. — Sprikekrusmose
 CR *Zygodon dentatus* (Limpr.) Kartt. — Tannkjølमose

Levermosar

- DD *Anastrophyllum cavifolium* (Buch & S. Arn.) Lammes — Skåldraugmose
 EN *Anastrophyllum joergensenii* Schiffn. — Nipdraugmose
 DD *Anthoceros agrestis* Paton — Svartnål
 DD *Barbilophozia rubescens* (Schust. & Damsh.) Kartt. & Söderstr. — Heiskjeggmose
 DD *Calypogeia suecica* (H. Arn. & J. Perss.) Warnst. & Loeske — Røteflak
 DD *Cephaloziella arctogena* (Schust.) Konstantinova — Viddepistremose
 DD *Cephaloziella aspericaulis* Jørg. — Høpistremose
 DD *Cephaloziella elegans* (Heeg) Schiffn. — Fagerpistremose
 DD *Cephaloziella grimsulana* (Gott. & Rabenh.) Lacout. — Buttpistremose
 DD *Cephaloziella massalongi* (Spruce) K. Müll. — Tannpistremose
 CR *Cephaloziella phyllacantha* (Mass. & Carest.) K. Müll. — Piggpistremose
 CR *Cephaloziella stellulifera* (Spruce) Schiffn. — Stjernepistremose
 CR *Chiloscyphus fragrans* (Moris & De Not.) Engel & Schust. — Skøreblonde
 CR *Frullania bolanderi* Aust. — Pelsblæremose
 CR *Frullania oakesiana* Aust. — Oreblæremose
 DD *Haplomitrium hookeri* (Sm.) Nees — Tussemose
 VU *Herbertus aduncus* (Dicks.) S. Gray. ssp. *hutchinsiae* (Gott.) Schust. — Kløftgrimemose
 EN *Herbertus borealis* Crundw. — Horngrimemose
 VU *Herbertus stramineus* (Dum.) Trev. — Fossegrimemose
 CR *Jamesoniella undulifolia* (Nees) K. Müll. — Krusøremose
 DD *Jungermannia borealis* Damsh. & Vana. — Fjellsleivmose
 LR-nt *Lejeunea ulicina* (Tayl.) Gott. et al. — Dvergperlemose
 EV *Leptoscyphus cuneifolius* (Hook.) Mitt. — Goldmose
 DD *Lophozia ascendens* (Warnst.) Schust. — Røteflik
 EN *Lophozia capitata* (Hook.) Macoun — Knoppflik
 DD *Lophozia debiliformis* Schust. & Damsh. — Vrangflik
 CR *Lophozia decolorans* (Limpr.) Steph. — Blassflik
 CR *Lophozia elongata* Steph. — Sumpflik
 LR-nt *Lophozia laxa* (Lindb.) Grolle — Torvflik

- DD Lophozia murmanica Kaal. — Snøflik
 DD Lophozia pellucida Schust. — Kløftflik
 LR-nt Lophozia perssonii Buch & S. Arn — Kalkflik
 DD Lophozia polaris (Schust.) Schust. & Damsh. — Polarflik
 CR Mannia fragrans (Balbis) Frye & Clark — Duftsepter
 CR Mannia sibirica (K. Müll.) Frye & Clark — Sibirsepter
 DD Marsupella spiniloba Schust. & Damsh. — Broddhuterrose
 CR Metzgeria fruticulosa (Dicks.) Evans — Blåband
 DD Phaeoceros carolinianus (Michx) Prosk. — Gulnål
 LR-nt Plagiochila exigua (Tayl.) Tayl. — Kløfthinnemose
 CR Plagiochila norvegica Blom & Holten — Tagghinnemose
 EN Plagiochila spinulosa (Dicks.) Dum. — Pigghinnemose
 CR Riccia bifurca Hoffm. — Rennegaffelmose
 DD Riccia canaliculata Hoffm. — Furegaffelmose
 DD Riccia cavernosa Hoffm. — Krystallgaffelmose
 EV Riccia ciliata Hoffm. — Skjegg-gaffelmose
 DD Riccia fluitans L. — Vassgaffelmose
 DD Riccia huebeneriana Lindenb. — Svampgaffelmose
 DD Ricciocarpos natans (L.) Corda — Svanemat
 CR Scapania apiculata Spruce — Fakkeltvibladmose
 DD Scapania degenii K. Müll. — Einkorntvibladmose
 CR Scapania massalongi (K. Müll.) K. Müll. — Røtetvibladmose
 CR Scapania nimbose Lehm. — Torntvibladmose
 EN Scapania spitsbergensis (Lindb.) K. Müll. — Piggtvibladmose
 CR Scapania tundrae (H. Arn.) Buch. — Tundratvibladmose

6.1.2 Ordna etter kategoriar

Bladmosar

- EV Entosthodon muhlenbergii (Turn.) Fife — Bråtekoppmose
 EV Rhynchostegiella teesdalei (Schimp.) Limpr. — Bekkeagnemose
- CR Aloina aloides (K.F. Schultz) Kindb. — Snutetøffelmose
 CR Anoetangum warburgii Crundw. & M. Hill — Kystjuvmose
 CR Barbula crocea (Brid.) Web. & Mohr — Knoppskruemose
 CR Bryum funckii Schwaegr. — Knoppvrangmose
 CR Eurhynchium flotowianum (Sendtn.) Kartt. — Agnemoldmose
 CR Orthothecium lapponicum (Schimp.) C. Hartm. — Lappaustmose
 CR Orthotrichum scanicum Grønv. — Lundbustehette
 CR Orthotrichum stellatum Brid. — Havbustehette
 CR Phascum curvicolle Hedw. — Dubbeløkmose
 CR Pleuridium palustre (Bruch & Schimp.) Bruch & Schimp. — Hattfakmose
 CR Pohlia lutescens (Limpr.) H. Lindb. — Vorteknollnikke
 CR Pottia commutata Limpr. — Kalkbegermose
 CR Pseudocrossidium hornsuschianum (K.F. Schultz) Zander — Lansemose
 CR Pseudoleskeella papillosa (Lindb.) Kindb. — Vortetråkle
 CR Rhynchostegium alopecuroides (Brid.) A.J.E. Sm. — Kystskeimose
 CR Schistidium atrofusum (Schimp.) Limpr. — Buttblomstermose
 CR Seligeria oelandica C. Jens. & Medel. — Begerblygmose
 CR Trochobryum carniolicum Breidl. & Beck — Svepemose
 CR Weissia longifolia Mitt. — Sveipkrusmose

- CR *Zygodon dentatus* (Limpr.) Kartt. — Tannkjølmose
 EN *Bartramia breviseta* Lindb. — Strunkkulemose
 EN *Dicranum fulvum* Hook. — Nervesigd
 EN *Distichium hagenii* Philib. — Polarplanmose
 EN *Encalypta microstoma* Bals. & De Not. — Alpeklokkemose
 EN *Eurhynchium pumilum* (Wils.) Schimp. — Trådmoldmose
 EN *Grimmia arenaria* Hampe — Hårknausing
 EN *Grimmia plagiopodia* Hedw. — Fugleknausing
 EN *Oreowesia torquescens* (Brid.) Wijk & Marg. — Skrentmose
 EN *Orthotrichum tenellum* Brid. — Spolebustehette
 EN *Pottia lanceolata* (Hedw.) C. Müll. — Tannbegermose
 EN *Rhizomnium andrewsianum* (Steere) T. Kop. — Polarrundmose
 EN *Schistidium singarense* (Schiffn.) Laz. — Bunkersblomstermose
 EN *Seligeria acutifolia* Lindb. — Nålblygmose
 EN *Seligeria campylopoda* Kindb. — Krokblygmose
 EN *Seligeria subimmersa* Lindb. — Øreblygmose
 EN *Splachnum melanocaulon* (Wahlenb.) Schwaegr. — Bleikmøkkmose
 EN *Syntrichia virescens* (De Not.) Ochyra — Borkhårstjerne
 EN *Tayloria serrata* (Hedw.) Bruch & Schimp. — Sagtrompetmose
 EN *Tetraplodon paradoxus* (R. Brown) I. Hag. — Blindlemenmose
 EN *Tortula laureri* (Schultz) Lindb. — Nikketustmose
 EN *Tortula obtusifolia* (Schwaegr.) Math. — Klostertustmose
 EN *Weissia rostellata* (Brid.) Lindb. — Blindkrusmose
 EN *Weissia squarrosa* (Nees & Hornsch.) C. Müll. — Sprikekrusmose
- VU *Acaulon muticum* (Hedw.) C. Müll. — Sveipmose
 VU *Amblystegium humile* (P. Beauv.) Crundw. — Snurpkrypmose
 VU *Amblystegium varium* (Hedw.) Lindb. — Flokekrypmose
 VU *Arctoa anderssonii* Wich. — Sveipjøkulmose
 VU *Bryum riparium* I. Hag. — Kantknollvrangmose
 VU *Campylium laxifolium* Engelm. & Hedenäs — Kjeldestjernemose
 VU *Cinclidium arcticum* (Bruch & Schimp.) Schimp. — Fjellgittermose
 VU *Cnestrum glaucescens* (Lindb. & H. Arn.) Mogensen & Steere — Tundramyggmose
 VU *Dicranum viride* (Sull. & Lesq.) — Stammesigd
 VU *Didymodon glaucus* Ryan — Blåkurlemose
 VU *Fissidens polyphyllus* Schimp. — Bekkelommemose
 VU *Gyrowesia tenuis* (Hedw.) Schimp. — Knattmose
 VU *Hygrohypnum micans* (Mitt.) Broth. — Pløsbekkemose
 VU *Hygrohypnum styriacum* (Limpr.) Broth. — Brodbekkemose
 VU *Hypnum dolomiticum* Milde — Marmorflette
 VU *Isopterygiopsis alpicola* (Lindb. & H. Arn.) Hedenäs — Hårblankmose
 VU *Orthotrichum laevigatum* Zett. — Skiferbustehette
 VU *Pohlia erecta* Lindb. — Raknikke
 VU *Psilopilum cavifolium* (Wils.) I. Hag. — Småkomagmose
 VU *Rhabdoweisia crenulata* (Mitt.) Jameson — Buttturnemose
 VU *Schistidium bryhnii* I. Hag. — Hårblomstermose
 VU *Schistidium flaccidum* (De Not.) Ochyra — Ufsblomstermose
 VU *Sphagnum troendelagicum* Flatb. — Trøndertorvmose
 VU *Syntrichia laevipila* Brid. — Almehårstjerne
 VU *Tayloria acuminata* Hornsch. — Spisstrompetmose
 VU *Tortella flavovirens* (Bruch) Broth. — Dynevrिमose

- DD *Amblystegium fluviatile* (Hedw.) Schimp. — Striglekrypbose
 DD *Amblystegium saxatile* Schimp. — Stjernekrpbose
 DD *Amblystegium tenax* (Hedw.) C. Jens. — Nervekrpbose
 DD *Atractylocarpus alpinus* (Milde) Lindb. — Sylmose
 DD *Brachydontium trichodes* (Web.) Milde — Skoddemose
 DD *Brachythecium campestre* (C. Müll.) Schimp. — Bakkellundmose
 DD *Brachythecium coruscum* I. Hag. — Blakklundmose
 DD *Bryoerythrophyllum alpigenum* (Vent.) Chen — Tannformose
 DD *Bryum acutiforme* Limpr. — Sandvrangmose
 DD *Bryum axel-blyttii* Philib. — Spissvrangmose
 DD *Bryum blindii* Bruch & Schimp. — Klumpvrangmose
 DD *Bryum bornholmense* Winkelm. & Ruthe — Storknollvrangmose
 DD *Bryum calophyllum* R. Brown — Holtannvrangmose
 DD *Bryum excurrens* Lindb. — Ørvrangmose
 DD *Bryum klinggraeffii* Schimp. — Raudknollvrangmose
 DD *Bryum longisetum* Schwaegr. — Storsporevrangmose
 DD *Bryum micro-erythrocarpum* C. Müll. & Kindb. — Kuleknollvrangmose
 DD *Bryum neodamense* C. Müll. — Myrvrangmose
 DD *Bryum nitidulum* Lindb. — Jøkulvrangmose
 DD *Bryum ruderale* Crundw. & Nyh. — Åkerknollvrangmose
 DD *Bryum subelegans* Kindb. — Lodnevrangmose
 DD *Bryum tenuisetum* Limpr. — Gulknollvrangmose
 DD *Bryum turbinatum* (Hedw.) Turn. — Klokkevrangmose
 DD *Bryum vermigerum* H. Arn. & C. Jens. — Snøvrangmose
 DD *Buxbaumia viridis* (DC.) Moug. & Nestl. — Grønsko
 DD *Callicladium haldanianum* (Grev.) Crum. — Morknemose
 DD *Campylopus pyriformis* (K.F. Schultz) Brid. — Torvsåtemose
 DD *Cinclidotus fontinaloides* (Hedw.) P. Beauv. — Strykmose
 DD *Cirriphyllum tommasinii* (Boul.) Grout — Mjukveikmose
 DD *Dicranella humilis* Ruthe — Nuddgrøftemose
 DD *Dicranella riparia* (H. Lindb.) Mårt. & Nyh. — Bregrøftemose
 DD *Dicranum laevidens* Williams — Polarsigd
 DD *Dicranum tauricum* Sapehin — Borksigd
 DD *Discelium nudum* (Dicks.) Brid. — Flaggmose
 DD *Drepanocladus capillifolius* (Warnst.) Warnst. — Storklo
 DD *Drepanocladus sendtneri* (H. Müll.) Warnst. — Nerveklo
 DD *Encalypta mutica* I. Hag. — Buttklokkemose
 DD *Encalypta spathulata* C. Müll. — Hårklokkemose
 DD *Encalypta vulgaris* Hedw. — Småklokkemose
 DD *Eurhynchium striatulum* (Spruce) Schimp. — Bergmoldmose
 DD *Fissidens exilis* Hedw. — Grøftelommemose
 DD *Fissidens gracilifolius* Brugg. & Nyh. — Pyslommemose
 DD *Fissidens pusillus* (Wils.) Milde — Grannlommemose
 DD *Fontinalis bryhnii* I. Hag. — Mudderelevemose
 DD *Glyphomitrium daviesii* (Dicks.) Brid. — Øygardsmose
 DD *Grimmia caespiticia* (Brid.) Jur. — Skjeggknausing
 DD *Grimmia laevigata* (Brid.) Brid. — Fjordknausing
 DD *Habrodon perpusillus* (De Not.) Lindb. — Parkmose
 DD *Hamatocaulis vernicosus* (Mitt.) Hedenäs — Alvemose
 DD *Hedwigia integrifolia* P. Beauv. — Beitesteinmose
 DD *Herzogiella turfacea* (Lindb.) Iwats. — Sigdfauskmose

- DD *Heterocladium wulfsbergii* I. Hag. — Kystflope
 DD *Hygrohypnum norvegicum* (Schimp.) Amann — Svabekkemose
 DD *Hypnum sauteri* Schimp. — Trådflette
 DD *Leptodontium flexifolium* (Dicks.) Lindb. — Brannmose
 DD *Meesia longiseta* Hedw. — Stakesvanemose
 DD *Mielichhoferia mielichhoferiana* (Funck) Loeske — Sigdkismose
 DD *Myrinia pulvinata* (Wahlenb.) Schimp. — Skvulpmose
 DD *Neckera pennata* Hedw. — Sveipfellmose
 DD *Orthotrichum limprichtii* I. Hag. — Knausbustehette
 DD *Orthotrichum patens* Brid. — Sveipbustehette
 DD *Orthotrichum philibertii* Vent. — Almebustehette
 DD *Orthotrichum rogeri* Brid. — Sporebustehette
 DD *Physcomitrella patens* (Hedw.) Bruch. & Schimp. — Muddermose
 DD *Plagiothecium latebricola* Schimp. — Orejammemose
 DD *Pleurozia acuminata* Lindb. — Snerpfaksmose
 DD *Pohlia andrewsii* Shaw — Krokknoppnikke
 DD *Pohlia atropurpurea* (Wahlenb.) H. Lindb. — Bruntann-nikke
 DD *Pohlia vexans* (Limpr.) H. Lindb. — Gulltann-nikke
 DD *Polytrichastrum pallidisetum* (Funck) G.L. Sm. — Skalpbinemose
 DD *Pottia davalliana* (Sm.) C. Jens. — Piggbegeomose
 DD *Pseudocalliergon lycopodioides* (Brid.) Hedenäs — Striglegulmose
 DD *Psilopilum laevigatum* (Wahlenb.) Lindb. — Storkomagmose
 DD *Pterygoneurum ovatum* (Hedw.) Dix. — Stjertmose
 DD *Rhynchostegium confertum* (Dicks.) Schimp. — Broddskeimose
 DD *Schistidium confertum* (Funck) Bruch & Schimp. — Dvergblomstermose
 DD *Schistidium platyphyllum* (Mitt.) Kindb. ssp. *abrupticostatum* (Bryhn) c.ined.
 DD *Schistidium submuticum* Blom ssp. *submuticum* — Rekkeblomstermose
 DD *Seligeria pusilla* (Hedw.) Bruch & Schimp. — Nurkblygmose
 DD *Syntrichia intermedia* Brid. — Midjehårstjerne
 DD *Syntrichia papillosa* (Wils.) Jur. — Ynglehårstjerne
 DD *Tayloria splachnoides* (Schwaegr.) Hook. — Setertrompetmose
 DD *Tetraplodon blyttii* Frisv. — Kuppellemenmose
 DD *Tortella densa* (Lor. & Mol.) Crundw. & Nyh. — Stripevrिमose
 DD *Tortula leucostoma* (R. Brown) Hook. & Grev. — Krølltustmose
 DD *Trematodon laetevirens* Hakelien & Frahm — Flogtranemose
 DD *Warnstorfia pseudostraminea* (C. Müll.) Tuom. & T. Kop. — Pyttknøkkemose
 DD *Weissia perssonii* Kindb. — Stripekrusmose

- LR-nt *Didymodon tophaceus* (Brid.) Lisa — Tungekurlmose
 LR-nt *Eucladium verticillatum* (Brid.) Bruch & Schimp. — Kalkveggmose
 LR-nt *Sphagnum wulfianum* Girg. — Huldretormose

Levermosar

- EV *Leptoscyphus cuneifolius* (Hook.) Mitt. — Goldmose
 EV *Riccia ciliata* Hoffm. — Skjegg-gaffelmose
- CR *Cephaloziella phyllacantha* (Mass. & Carest.) K. Müll. — Piggpistremose
 CR *Cephaloziella stellulifera* (Spruce) Schiffn. — Stjernepistremose
 CR *Chiloscyphus fragrans* (Moris & De Not.) Engel & Schust. — Skøreblonde
 CR *Frullania bolanderi* Aust. — Pelsblæremose
 CR *Frullania oakesiana* Aust. — Oreblæremose
 CR *Jamesoniella undulifolia* (Nees) K. Müll. — Krusøremose

- CR Lophozia decolorans (Limpr.) Steph. — Blassflik
 CR Lophozia elongata Steph. — Sumpflik
 CR Mannia fragrans (Balbis) Frye & Clark — Duftsepter
 CR Mannia sibirica (K. Müll.) Frye & Clark — Sibirsepter
 CR Metzgeria fruticulosa (Dicks.) Evans — Blåband
 CR Plagiochila norvegica Blom & Holten — Tagghinnemose
 CR Riccia bifurca Hoffm. — Rennegaffelmose
 CR Scapania apiculata Spruce — Fakkeltvibladmose
 CR Scapania massalongi (K. Müll.) K. Müll. — Røtetvibladmose
 CR Scapania nimbose Lehm. — Torntvibladmose
 CR Scapania tundrae (H. Arn.) Buch. — Tundratvibladmose
- EN Anastrophyllum joergensenii Schiffn. — Nipdraugmose
 EN Herbertus borealis Crundw. — Horngrimemose
 EN Lophozia capitata (Hook.) Macoun — Knoppflik
 EN Plagiochila spinulosa (Dicks.) Dum. — Pigghinnemose
 EN Scapania spitsbergensis (Lindb.) K. Müll. — Piggtvibladmose
- VU Herbertus aduncus (Dicks.) S. Gray. ssp. hutchinsiae (Gott.) Schust. — Kløftgrimemose
 VU Herbertus stramineus (Dum.) Trev. — Fosseggrimemose
- DD Anastrophyllum cavifolium (Buch & S. Arn.) Lammes — Skåldraugmose
 DD Anthoceros agrestis Paton — Svartnål
 DD Barbilophozia rubescens (Schust. & Damsh.) Kartt. & Söderstr. — Heiskjeggmose
 DD Calypogeia suecica (H. Arn. & J. Perss.) Warnst. & Loeske — Røteflak
 DD Cephaloziella arctogena (Schust.) Konstantinova — Viddepistremose
 DD Cephaloziella aspericaulis Jørg. — Høpistremose
 DD Cephaloziella elegans (Heeg) Schiffn. — Fagerpistremose
 DD Cephaloziella grimsulana (Gott. & Rabenh.) Lacout. — Buttpistremose
 DD Cephaloziella massalongi (Spruce) K. Müll. — Tannpistremose
 DD Haplomitrium hookeri (Sm.) Nees — Tussemose
 DD Jungermannia borealis Damsh. & Vana. — Fjellsleivmose
 DD Lophozia ascendens (Warnst.) Schust. — Røteflik
 DD Lophozia debiliformis Schust. & Damsh. — Vrangflik
 DD Lophozia murmanica Kaal. — Snøflik
 DD Lophozia pellucida Schust. — Kløftflik
 DD Lophozia polaris (Schust.) Schust. & Damsh. — Polarflik
 DD Marsupella spiniloba Schust. & Damsh. — Broddhuteremose
 DD Phaeoceros carolinianus (Michx) Prosk. — Gulnål
 DD Riccia canaliculata Hoffm. — Furegaffelmose
 DD Riccia cavernosa Hoffm. — Krystallgaffelmose
 DD Riccia fluitans L. — Vassgaffelmose
 DD Riccia huebeneriana Lindenb. — Svampgaffelmose
 DD Ricciocarpos natans (L.) Corda — Svanemat
 DD Scapania degenii K. Müll. — Einkorntvibladmose
- LR-nt Lejeunea ulicina (Tayl.) Gott. et al. — Dvergperlemose
 LR-nt Lophozia laxa (Lindb.) Grolle — Torvflik
 LR-nt Lophozia perssonii Buch & S. Arn — Kalkflik
 LR-nt Plagiochila exigua (Tayl.) Tayl. — Kløfthinnemose

6.2 Svalbard

6.2.1 Alfabetisk liste

Fordi mesta alle artane står i kategorien VU er det inga liste ordna etter kategoriar; avvik er merka og gjeld seks artar i kategorien (DD).

Bladmosar

Amblyodon dealbatus (Hedw.) Bruch & Schimp. — Stakemose
Brachythecium collinum (C. Müll.) Schimp. — Kryplundmose
Brachythecium coruscum I. Hag. — Blakklundmose
Brachythecium glaciale Schimp. — Snølundmose
Brachythecium reflexum (Starke) Schimp. — Sprikelundmose
Bryobrittonia longipes (Mitt.) Horton — Tungemose
Bryum creberrimum Tayl. — Brakkvrangmose
Bryum salinum Limpr. — Fjørevrangmose
Bryum weigeli Spreng. — Kjeldevrangmose
Campylium chrysophyllum (Brid.) J. Lange — Sigdstjernemose
Campylium longicuspis (Lindb. & H. Arn.) Hedenäs — Polarstjernemose
Campylium protensum (Brid.) Kindb. — Skogstjernemose
Campylopus schimperi Milde — Filtsåtemose
Ceratodon antarcticus Card. — Polarvegmosse
Ceratodon heterophyllus Kindb. — Buttvegmosse
Cnestrum alpestre (Hüb.) Mogensen — Skortemyggmose
Coscinodon cribrosus (Hedw.) Spruce — Oldingmose
Dicranella palustris (Dicks.) E. Warb. — Kjeldegrøftmose
Dicranella varia (Hedw.) Schimp. — Kantgrøftmose
Dicranum angustum Lindb. — Grassigd (DD)
Dicranum tauricum Sapehin — Borksigd
Didymodon fallax (Hedw.) Zander — Vegkurlemose
Didymodon mamillosus (Crundw.) M. Hill — Øykurlemose
Didymodon tophaceus (Brid.) Lisa — Tungekurlemose
Encalypta affinis Hedw. f. — Ruklokkemose
Encalypta brevicollis (Bruch & Schimp.) Ångstr. — Glattklokkemose
Encalypta brevipes Schljak. — Frostklokkemose
Encalypta mutica I. Hag. — Buttlokkemose
Fissidens adianthoides Hedw. — Saglommemose
Fissidens arcticus Bryhn — Polarlommemose
Grimmia affinis Hornsch. — Seterknausing
Grimmia donniana Sm. — Vardeknausing
Grimmia elatior Bals. & De Not. — Krinsknausing
Grimmia sessitana De Not. — Svaknausing
Grimmia subsulcata Limpr. — Foldknausing
Hamatocaulis vernicosus (Mitt.) Hedenäs — Alvemose
Hygrohypnum ochraceum (Wils.) Loeske — Klobekkemose
Kiaeria falcata (Hedw.) I. Hag. — Sigdfrostmose
Kiaeria starkei (Web. & Mohr) I. Hag. — Snøfrostmose (DD)
Lescuraea incurvata (Hedw.) Lawt. — Krokraspmose
Lescuraea plicata (Web. & Mohr) Broth. — Storraspmose
Mielichhoferia elongata (Hook.) Nees & Hornsch. — Kopparkismose
Oreas martiana (Hoppe & Hornsch.) Brid. — Alpemose

Orthothecium lapponicum (Schimp.) C. Hartm. — Lapphaustmose
Orthotrichum alpestre Hornsch. — Seterbustehette
Palustriella decipiens (De Not.) Ochyra — Fjørtuffmose
Plagiobryum demissum (Hook.) Lindb. — Raudkrylmose
Plagiothecium berggrenianum Frisv. — Grasjammnemos
Plagiothecium svalbardense Frisv. — Tundrajammnemos
Pohlia atropurpurea (Wahlenb.) H. Lindb. — Bruntannikke
Polytrichastrum longisetum (Brid.) G.L. Sm. — Brembinnemos
Pseudocalliergon angustifolium Hedenäs — Snøgulmos
Racomitrium sudeticum (Funck) Bruch & Schimp. — Setergråmos
Schistidium holmenianum Steere & Brassard — Tundrablomstermos
Schistidium maritimum (Turn.) Bruch & Schimp. — Saltblomstermos
Schistidium pulchrum Blom — Glansblomstermos
Schistidium submuticum Blom ssp. *arcticum* Blom — Rekkeblomstermos
Schistidium umbrosum (Zett.) Blom — Klippeblomstermos
Schistidium venetum Blom — Fjellblomstermos
Seligeria diversifolia Lindb. — Passblygmose
Seligeria oelandica C. Jens. & Medel. — Begerblygmose
Seligeria tristichoides Kindb. — Radblygmose
Sphagnum lindbergii Lindb. — Bjørnetorvmose
Sphagnum obtusum Warnst. — Buttorvmose
Sphagnum olafii Flatb. — Frosttorvmose
Sphagnum riparium Ångstr. — Skartorvmose
Splachnum sphaericum Hedw. - Blankmøkkmos
Tetraplodon blyttii Frisv. — Kuppellemenmos
Tortella tortuosa (Hedw.) Limpr. — Putevrimose
Tortula systylia (Schimp.) Lindb. — Hatt-tustmos
Trichostomum crispulum Bruch — Kalksvamos
Warnstorfia pseudostraminea (C. Müll.) Tuom. & T. Kop. — Pyttmøkkmos

Levermosar

Anthelia julacea (L.) Dum. — Ranksnømos
Barbilophozia barbata (Schreb.) Loeske — Skogskjeggmos
Blasia pusilla L. — Flekkmos
Cephalozia bicuspidata (L.) Dum. — Broddglefsemos
Cephalozia lunulifolia (Dum.) Dum. — Myrglefsemos
Cladopodiella francisci (Hook.) Jørg. — Fjellsnutemos
Cryptocolea imbricata Schust. — Leppemos
Diplophyllum albicans (L.) Dum. — Stripefoldmos
Gymnomitrium apiculatum (Schiffn.) K. Müll. — Broddåmemos
Haplomitrium hookeri (Sm.) Nees — Tussemos
Harpanthus flotovianus (Nees) Nees — Kjeldesalmos
Harpanthus scutatus (Web. & Mohr) Spruce — Kystsalmos
Jungermannia confertissima Nees — Nyresleivmos
Jungermannia sphaerocarpa Hook. — Hjulsleivmos
Lophozia badensis (Gott.) Schiffn. — Dvergflik
Lophozia bicrenata (Hoffm.) Dum. — Aurflik
Lophozia gillmanii (Aust.) Schust. — Broddflik
Lophozia grandiretis (Kaal.) Schiffn. — Blodflik
Lophozia hyperarctica Schust. — Isflik
Lophozia latifolia Schust. — Aksflik
Lophozia pellucida Schust. — Kløftflik

Lophozia perssonii Buch & S. Arn. — Kalkflik
Lophozia polaris (Schust.) Schust. & Damsh. — Polarflik
Lophozia rutheana (Limpr.) Howe — Praktflik
Marchantia polymorpha L. — Ugrastvare (DD)
Marsupella arctica (Berggr.) Bryhn & Kaal. — Polarhutremose
Marsupella condensata (C. Hartm.) Kaal. — Trinnhutremose
Mesoptychia sahlbergii (Lindb.) Evans — Midnattsolmose
Mylia taylorii (Hook.) S. Gray — Raudmuslingmose
Nardia geoscyphus (De Not.) Lindb. — Skåltrappemose
Peltolepis quadrata (Saut.) K. Müll. — Mørkleggmosse
Scapania calcicola (H. Arn. & J. Perss.) Ingham — Kalktvibladmose
Scapania curta (Mart.) Dum. — Aurtvibladmose (DD)
Scapania gymnostomophila Kaal. — Skortetvibladmose
Scapania mucronata Buch — Broddtvibladmose (DD)
Scapania parvifolia Warnst. — Børdtvibladmose (DD)
Scapania simmonsii Bryhn & Kaal. — Polartvibladmose
Scapania spitsbergensis (Lindb.) K. Müll. — Piggtvibladmose
Scapania subalpina (Lindenb.) Dum. — Tvillingtvibladmose
Scapania uliginosa (Lindenb.) Dum. — Kjeldetvibladmose
Tritomaria exsectiformis (Breidl.) Loeske — Stihoggtann

7 Trua mosar, artsgjennomgang med lokalitetar

7.1 Fastlandet

7.1.1 Bladmosar

Acaulon muticum (Hedw.) C. Müll. — Sveipmose

IUCN-kategoriar. Noreg: VU, Sverige: 0, Finland: 0, Europa: 0.

Norsk utbreiing. *Nordisk hovudmønster:* Sørleg. *Høgde:* Frå havnivå til 140 m. *Fylke og belegg/rapportar:* Øs 4, Os 2, ST 4, NT 1.

Verdsutbreiing. *Hovudmønster:* Temperert. — Rapportert frå dei fleste land i Europa og frå Asia, Afrika og Nord-Amerika (Eur, As 1/5, Afr 1/4/5, Am 1).

Habitat. Jordbruksmark. Leir i åkrar, open brakkmark, vegggrøfter, vegskjeringar o.l.

Truslar. Endra driftsformer i jordbruket og attveksing.

Status i Noreg. *Alder på belegg/rapportar:* <1900: 6, 1900-49: 5, 1950-74: 0, ≥1975: 0. Arten er ettersøkt med negativt resultat i Trondheim kommune, både i område med gamle lokalitetar og elles.

Tilrådingar. Restaurering av gamle kulturlandskap i leirområde ved tradisjonell åkerdrift og husdyrbeite.

Lokalitetar:

Østfold: Borge. [1913 III, PL 13-14,67, <10 m]. Kjølberg, 18.IV.1886 (BG, O), 23.IV.1886 I. Hagen (TRH)

Østfold: Fredrikstad. [1913 III, PL 11-12,63-64, <20 m]. Østre Fredrikstad, Brakkesletta, 12.V.1913 I. Hagen (TRH)

Østfold: Kråkerøy. [1913 III, PL 09-10,64-65, <20 m]. Åsgård, 8.X.1889 (O), 8.XI.1889 (TRH), 5.IV.1890 E. Ryan (O)

Østfold: Onsøy. [1913 III, PL 07-08,65, ca 20 m]. Åle, 2.V.1897 & 8.V.1904 E. Ryan (O)

Oslo. [1914 IV, NM 98-99,40-42, <140 m]. Ekeberg, XI.1886 B. Kaalaas (BG)

Oslo. [1914 IV, NM 98 40, <20 m]. Kongshavn ved Kristiania, på leret jord, XI.1886 & 31.X.1897 B. Kaalaas (BG)

Sør-Trøndelag: Trondheim. [1621 IV, NR 72 33, 90 m]. Ved Reitgjerdet, på sandblandet lerjord i en veikant, 5. & 6.V.1888 I. Hagen (O) — Inv.: A.A. Frisvoll 1992: ÷

Sør-Trøndelag: Trondheim. [1621 IV, NR 68 29, 80 m]. Strinda, nær Selsbakk jernbanestasjon, s.a. I. Hagen (1929) — Inv.: A.A. Frisvoll 1992: ÷

Sør-Trøndelag: Trondheim. [1621 IV, NR 70-72,33-34]. Strinda, Bakkaunet [cf. Rygh 1901], 30.VII.1898 I. Hagen (TRH)

Sør-Trøndelag: Trondheim. [1621 IV, NR 70-71,35-36, <60 m]. Strinda, Ladehammeren, s.a. I. Hagen (1929)

Nord-Trøndelag: Frosta. [1622 III, NR 82 48, <5 m]. Nordenfor Øra (Hernesøren), 5.V.1888 I. Hagen (BG), 16.VII.1915 B. Kaalaas (O)

Aloina aloides (K.F. Schultz) Kindb. — Snutetøffelmose

IUCN-kategoriar. Noreg: CR, Sverige: E, Finland: -, Europa: 0.

Norsk utbreiing. *Nordisk hovudmønster:* Sterkt sørleg. *Høgde:* ?. *Fylke og belegg/rapportar:* Te 1.

Verdsutbreiing. *Hovudmønster:* Submediterrant. — Rapportert frå dei fleste land i Europa og frå Asia og Nord-Afrika (Eur, As 1?/5, Afr 1/5, Am 1).

Habitat. Jordbruksmark. Kalkrik leire på periodevis forstyrra mark (Aronsson et al. 1995)

Truslar. Attveksing, gjødsling og luftforureining (Aronsson et al. 1995), truleg og utbygging.

Status i Noreg. *Alder på belegg/rapportar:* <1900: 0, 1900-49: 0, 1950-74: 0, ≥1975: 0, ukjend: 1.

Kommentar. Heile det norsk materialet av slekta burde reviderast.

Lokalitet:

Telemark: [lok. ukjend] (Delgadillo 1975: 257)

Amblystegium fluviatile (Hedw.) Schimp. — Striglekrypbose

IUCN-kategoriar. Noreg: DD, Sverige: 0, Finland: 0, Europa: 0.

Norsk utbreiing. *Nordisk hovudmønster:* Svakt sørleg. *Høgde:* 1-240 m. *Fylke og belegg/rapportar:* Øs 4, Ak 7, Os 5, He 1, Op 3, Bu 6, Ve 3, Te 2, AA 1, Ho 1.

Verdsutbreiing. *Hovudmønster:* Suboseanisk(-montant). — Rapportert frå mest alle land i Europa og frå Asia, Nord-Afrika og Nord- og Sør-Amerika (Eur, As 1/3/5, Afr 1/5, Am 1/2/4/6).

Habitat. Våtmark. På stein i rennande næringsrikt vatn.

Truslar. Forureining og inngrep i vassdraget (utbygging og tørrlegging).

Status i Noreg. *Alder på belegg/rapportar:* <1900: 22, 1900-49: 6, 1950-74: 3, ≥1975: 2, ukjend: 1.

Lokalitetar:

Østfold: Kråkerøy. [1913 III, PL 08-11,57-65, <50 m]. Kråkerøy, 26.IX.1886 I. Hagen (O)

Østfold: Rakkestad. [1913 I, PL 27 90, ca 60 m]. Krossby (Os), 15.V.1952 K. Andreassen, det. P. Størmer (O!)

Østfold: Sarpsborg. [1913 I, PL 21-22,72, ca 20 m]. Hafslund, 18.X.1885 I. Hagen (O, TRH!)

Østfold: Sarpsborg. [1913 I, PL 72 21, 20 m]. Sarpsfossen, X.1885 E. Ryan (BG), 14.VI.1886 I. Hagen (TRH!)

Akershus: Asker. [1814 I, NM 82,33-34, <20 m]. Bekk ved Leangbukta, 24.V.1868 N. Wulfsberg (O)

Akershus: Bærum. [1814 I, NM 85 40, <10 m]. Sandvika, 16.VI.1880 N. Bryhn (O)

Akershus: Bærum. [1814 I, NM 90,44-45, 120 m]. Vestenfor Voll i Bærum, på kalksten i et bekkeleie, 15.V.1908 B. Kaalaas (BG)

Akershus: Bærum. [1814 I, NM 81 42, ca 100 m]. Bekken fra Stovivann, VII.1884 B. Kaalaas (BG)

Akershus: Eidsvoll. [1915 I, PM 24-25,88-89] 125 m. Bårlidalen, s.a. S. Sørensen (O)

Akershus: Oppegård. [1914 IV, PM 00,30-31, 40→95 m]. Mellom Kolbotntjernet (Kolbotnsvannet) og Gjersjøen, på stein i en bekk, 20.V.1945 P. Størmer (O)

Akershus: Ås. [1914 III, NM 99,16-17, 60 m]. 1 km N for Ås kirke, på stein i en bekk, 20.III.1945 P. Størmer (O)

Ak/Oslo: Bærum/Oslo. [1814 I, NM 91 47, 140 m]. Lysakerelva ved Grini mølle, 2.XI.1889 B. Kaalaas (BG)

Oslo. [1814 I, NM 95 43, 20 m]. Frognerskogen, IX.1878 N. Bryhn (BG, TRH!)

Oslo. [1814 I/1914 IV, NM 9 4 m]. Ved Allergode i V. Aker, 1.XI.1913 B. Kaalaas, det. H.H. Blom 1980 (BG)

Oslo. [1814 I, NM 94,43-44, 0→20 m]. Frognerbekken, XI.1886 B. Kaalaas (BG)

Oslo. [1914 IV, NM 98-99,40-42, <100 m]. Ekeberg, 1837 s.leg. (O)

Oslo. [1914 IV, NM/PM 99-00,35, →60 m]. Elven ved Ljan, 6.VII.1884 B. Kaalaas (B)

Hedmark: Elverum. [2016 IV, PN 37-38,50-54, 160 m]. Elverum, i Glomma, 6.VIII.1885 N. Bryhn, det. H.H. Blom (BG, O)

Oppland: Nord-Fron. 1718 II, NP 39 30, ca 240 m. Vinstra, vests. av Lågen like N broen v. Vinstra, på stein i rennende vann, 11.IX.1984 E. Fremstad 1984, det. A.A. Frisvoll (TRH)

Oppland: Nordre Land. [1816 IV, NN 58-59,45-46, 150→400 m]. Austsinni, på stein i bekk, 4.VIII.1960 P. Størmer (O)

Oppland: Ringebu. [1818 III, NP 62 19, 180 m]. Elstad, VI.1865 S. Berggren (TRH!)

Oppland?: Liabro, ved kruttmøllen, i elven, 1886 F. Kiær (O)

Buskerud: Hole. [1815 III, NM 73,57-58]. Krokkleiva, 5.VII.1885 F. Kiær (O)

Buskerud: Lier. [1814 IV, NM 68,33-34, 100 m]. V for Øksnevoll, på stein i en bekk, 24.VII.1944 P. Størmer, det. H.H. Blom (O)

Buskerud: Ringerike. [1815 III, NM 61 61, 63→100 m]. Skjærdalen ved Tyrifjorden, 29.VI.1888 (O), 26.IX.1888 (TROM!), 15.VII.1896 N. Bryhn (BG)

Buskerud: Ringerike. [1815 III, NM 58 59, 150 m]. Tyristranden, Ertlia (Erteli), 1899 N. Bryhn (BG)

Buskerud: Ringerike. [1815 III, NM 59,56-57, 70 m]. Nakkerud, X.1887 N. Bryhn (O)

Buskerud: Ringerike. [1815 III, NM]. Svarverud pr Follum Fabrikk, VIII.1893 N. Bryhn (BG)

Vestfold: Andebu. [1813 IV, NL 67-68,74, 60 m]. Gravdal, IX.1895 E. Ryan (O)

Vestfold: Borre. [1813 I, NL 80-81,89-90, <9 m]. Falkensten, på sten i bekk, 20.IX.1890 E. Jørgensen (O)
Vestfold: Tjøme. [1813 II, NL 79 58, <14 m]. Sundene, VII.1889 N. Bryhn (BG, O)
Telemark: Bamble. [1713 II, NL 40 41, 20 m]. Mellom Fjellstad og Sandvika, på stein i bekkeleie, 7.VII.1955 P. Størmer (O)
Telemark: Skien. [1713 II/III, NL 3 6]. Skien, *in rivulis*, 25.V.1886 N. Bryhn (BG, TROM!)
Aust-Agder: Arendal. [1611 IV, MK 86 80, <35 m]. Barbudalen, 20.VII.1891 F.E. Conradi (TRH!)
Hordaland: Os. [1115 II] LM 02 75 [ca 60 m]. Tuven, 12.VIII.1980 H.H. Blom (BG)

Amblystegium humile (P. Beauv.) Crundw. — Snurpkrypbose

IUCN-kategoriar. Noreg: VU, Sverige: R, Finland: 0, Europa: 0.

Norsk utbreiing. *Nordisk hovudmønster:* Sørleg. *Høgde:* 1-180 m. *Fylke og belegg/rapportar:* Øs 1, Op 1, Bu 2, Ve 1.

Verdsutbreiing. *Hovudmønster:* Temperert. Rapportert frå dei fleste land i Europa og frå Asia, Nord-Afrika og Nord- og Sør-Amerika (Eur, As 1/2/5, Am 1/2/6).

Habitat. Våtmark, skog. Over jord og stein på fuktige og sumpaktige plassar ved dammar, vassig og bekker i låglandet.

Truslar. Drenering.

Status i Noreg. *Alder på belegg/rapportar:* <1900: 2, 1900-49: 2, 1950-1974: 0, ≥1975: 1.

Kommentar. Økologien til arten er lite kjend i Noreg. Slekta *Amblystegium* har vore dårleg forstått og mykje av materialet i herbaria er feilbestemt. Inntil ein full revisjon er gjort vil kunnskapen om økologi og utbreiing vera usikker. Dei fleste artane er knytte til rike fukt- og sumpområde i låglandet på Austlandet.

Lokalitetar:

Østfold: Onsøy. [1913 III, PL 07 65, 40 m]. Trondalen, 27.VI.1897 E. Ryan (BG, O)

Oppland: Ringeby. 1817 IV, NP 63 13, ca 183 m. Fåvang, ved Fåvang høvleri, stolpestrump, 1.IX.1984 E. Fremstad (TRH)

Buskerud: Ringerike. [1815 III, NM 70,65-66, 70 m]. Norderhov, Frok, 13.X.1901 (BG), X.1902 N. Bryhn (TRH!)

Buskerud: Ringerike. [1815 III, NM 68 72, 120 m]. Hovsfoss, 1.IX.1893 (BG), 18.VI.1894 N. Bryhn (TRH!, som *A. radiale*)

Vestfold: Borre. [1813 I, NL 83,79-80, <5 m]. Åsgårdstrand, havstrand, VII.1902 N. Bryhn (BG, TRH!)

Amblystegium saxatile Schimp. — Stjernekrpbose

IUCN-kategoriar. Noreg: DD, Sverige: Cd, Finland: 0, Europa: R.

Norsk utbreiing. *Nordisk hovudmønster:* Sørleg. *Høgde:* 10-160 m. *Fylke og belegg/rapportar:* Øs 2, Ak 4, Bu 1.

Verdsutbreiing. *Hovudmønster:* Temperert. — Rapportert frå ca 18 land i Europa og elles frå Asia og Nord- og Sør-Amerika (Eur, As 1/2/5, Am 1/2/4).

Habitat. Skog. Sumpskogar, særleg svartorskog.

Truslar. Hogst, drenering.

Status i Noreg. *Alder på belegg/rapportar:* <1900: 0, 1900-49: 6, 1950-1974: 0, ≥1975: 0, ukjend: 1.

Kommentar. Ryan & Hagen (1896: 138): "Den er ikke sjelden i Borre, Glemminge og Onsø hvor den forekommer på fugtigt, råddent træværk og på jord i skyggefulle krat, altid m. fr." Ingen sikre belegg (TRH), ombestemt til *A. humile* (1) og *A. serpens* (>8). Namneforvirring, cf. syn. *Hypnum radiale* for *A. serpens* ssp. *juratzkanum* hos Jensen (1939). Index muscorum: *Campylium radiale*; Jensen 1939: *Campylium hygrophilum*; TRH: *Amblystegium radicosum* P.B.

Lokalitetar:

Østfold: Onsøy. [1913 III, PL 06 60, <10 m]. Store Marnet, s.a E. Ryan (Jensen 1939)

Østfold: Borge. [1913 III, PL 16 67, ca 25 m]. Borge, VII.1885 I. Hagen (TROM)

Akershus: Bærum. [1814 I, NM 90-91,42, 10 m]. Lysakermyra, 18.VI.1880, 11.VII.1884, 26.VI.1887 & VI.1888 B. Kaalaas (BG)
Akershus: Bærum. [1814 I, NM 90-91,42, 10 m]. Lysakertjern, VIII.1880 & 20.VIII.1885 N. Bryhn (BG, O)
Akershus: Bærum. [1814 I, NM 89-91,40-41, <20 m]. Fornebu, i sumper, 4.V.1889 B. Kaalaas (BG)
Akershus: Bærum. [1814 I, NM 89-90,43, 70 m]. Tjernsrudtjern i Bærum, IX.1889 & 30.VI.1895 B. Kaalaas (BG)
Buskerud: Ringerike. [1815 III, NM 66-67,76-77, 160 m]. Hen, V.1894 N. Bryhn (BG)

Amblystegium tenax (Hedw.) C. Jens. — Nervekrypmose

IUCN-kategoriar. Noreg: DD, Sverige: 0, Finland: Ex, Europa: 0.

Norsk utbreiing. *Nordisk hovudmønster:* Sørleg. *Høgde:* 10-180 m. *Fylke og belegg/rapportar:* Øs 1, Ak 2, Ho 1.

Verdsutbreiing. *Hovudmønster:* Temperert. — Rapportert frå dei fleste land i Europa og frå Asia, Nord-Afrika og Nord- og Sør-Amerika (Eur, As 1-3/5, Afr 1/2/5, Am 1/2/4).

Habitat. Våtmark. På stein, tre og jord í eller ved rennande vatn i kalkområde i låglandet.

Truslar. Endra vassføring, forureining og hogst.

Status i Noreg. *Alder på belegg/rapportar:* <1900: 4, 1900-49: 0, 1950-1974: 0, ≥1975: 0.

Tilrådingar. Bevaring av intakte bekke- og elveløp i lauvskogsområde der arten finst.

Kommentar. Herbariematerialet treng revisjon, sjå *A. humile*.

Lokalitetar:

Østfold: Tune. [1913 IV, PL 11,77-78, ca 10 m]. Solli, 4.VII.1886 I. Hagen (O, TRH; ad *Cratoneurion filicinum* var. *fallax*?)

Akershus: Asker. [1814 I, NM 785 360] 180 m. Bergsfjell, på stener i bekken, 26.V.1892 B. Kaalaas (BG)

Akershus: Bærum. [1814 I, NM 85 40, <10 m]. Sandvika, 5.VI.1892 E. Jørgensen (BG)

Hordaland: Stord. [1214 IV, LM 03-04,31-33]. Leirvik på Stord, på fuktige steder ved stranden, 21.VII.1889 B. Kaalaas (BG)

Amblystegium varium (Hedw.) Lindb. — Flokekrypmose

IUCN-kategoriar. Noreg: VU, Sverige: 0, Finland: 0, Europa: 0.

Norsk utbreiing. *Nordisk hovudmønster:* Sørleg. *Høgde:* 10-50 m. *Fylke og belegg/rapportar:* Os 1, Ve 2, AA 1.

Verdsutbreiing. *Hovudmønster:* Temperert. — Rapportert frå dei fleste land i Europa og frå Asia, Nord-Afrika og Nord- og Sør-Amerika (Eur, As 1-3/5, Afr 1/5, Am 1-3/4?).

Habitat. Skog. Over jord, stein, røter og røteved på fuktige plassar i kalkområde i låglandet.

Truslar. Hogst og forureining.

Status i Noreg. *Alder på belegg/rapportar:* <1900: 2, 1900-49: 1, 1950-1974: 1, ≥1975: 0.

Tilrådingar. Bevaring av rike sumpskogslokalitetar (med bekker og raviner).

Kommentar. Sjå *A. humile*.

Lokalitetar:

Oslo. [1814 I, NM 94 44, 50 m]. Skøyen, på trerøtter, 12.XI.1899 B. Kaalaas (BG)

Vestfold: Larvik. [1813 III, NL 58,46-47, 50 m]. Bøkeskogen, 13.VIII.1911 S. Sørensen (O)

Vestfold: Tjøme. [1813 II, NL 81 50, <20 m]. Ottersti, ad *saxa in rivulo*, 1., 8. & 15.VI.1886 N. Bryhn (BG, O, TRH, TROM)

Aust-Agder: Arendal. [1611 I, MK 911 792, 10 m]. Tromøy, tjern vest for kirken, 18.VI.1960 P. Størmer (O)

Anoetangum warburgii Crundw. & M. Hill — Kystjuvmose

IUCN-kategoriar. Noreg: CR, Sverige: -, Finland: -, Europa: R.

Norsk utbreiing. *Nordisk hovudmønster:* Vestleg. Høgde: 110 m. *Fylke og belegg/rapportar:* Ho 1.

Verdsutbreiing. *Hovudmønster:* Euoseanisk-montant. — Berre kjend frå få stader i nordvest-Europa (tillegg: Storbritannia, Færøyane og Island) (Eur).

Habitat. Berg, sjå lokaliteten nedanfor.

Truslar. Tilplanting med bartre (tørke og utskygging), utbygging.

Status i Noreg. *Alder på belegg/rapportar:* <1900: 0, 1900-49: 0, 1950-1974: 0, ≥1975: 1.

Kommentar. Arten vart nyleg beskriven (Crundwell & Hill 1977), og kan vel finnast fleire plassar (Birks 1991). Men mange norske herbariebelegg av liknande artar er sjekka utan at gamle funn dukka opp, så han er sikkert sjeldan.

Lokalitet:

Hordaland: Kvinnherad. [1215 II, LM 332 664, 110 m] 200 m. Just N of Gjuvsland where the road crosses Gjuvslandelva (6°01'E, 60°06'N), on soft, crumbling east/north-east facing wet or dripping open, near vertical schistose rocks, 28.VIII.1985 H.J.B Birks (BG) (Birks 1991)

Arctoa anderssonii Wich. — Sveipjøkulmose

IUCN-kategoriar. Noreg: VU, Sverige: R, Finland: -, Europa: R.

Norsk utbreiing. *Nordisk hovudmønster:* Fjellelement. Høgde: 1300-1400 m. *Fylke og belegg/rapportar:* Op 3.

Verdsutbreiing. *Hovudmønster:* Arktisk. — Rapportert frå Europa (tillegg: Sverige, Færøyane, Island, Jan Mayen, Svalbard), Asia og arktisk Nord-Amerika med Grønland (Eur, As 2, Am 1).

Habitat. Fjell. Grusjord og jorddekt stein eller i sprekker på eksponerte, ofte forblåste plassar i høgfjellet.

Truslar. Direkte inngrep på vekseplassen.

Status i Noreg. *Alder på belegg/rapportar:* Fastlandet: <1900: 0, 1900-1949: 0, 1950-1974: 2, ≥1975: 1.

Lokalitetar:

Oppland: Lom. [1518 II, MP 60-62,37-38]. Storgrovhøi, norra sidan, 7.VIII.1976 N. Hakelier (S)

Oppland: Lom. [1518 II, MP 62 37] 1300 m. Storgrovhøi, nordøstra sidan vid norra änden av Storgjuvbreen, fuktig klippa, 6.IX.1972 N. Hakelier (O, S)

Oppland: Lom. [1518 II, MP 58 36] 1400 m. Dumhøi (vid Leirdalen), norra sidan, fuktig klippa, 7.IX.1972 N. Hakelier (O, S)

Atractylorpus alpinus (Milde) Lindb. — Sylmose

IUCN-kategoriar. Noreg: DD, Sverige: -, Finland: -, Europa: E.

Norsk utbreiing. *Nordisk hovudmønster:* Vestleg. Høgde: 50-600 m. *Fylke og belegg/rapportar:* Ro 9, Ho 2.

Verdsutbreiing. *Hovudmønster:* Alpint. — Ein sjeldan art i Europa (tillegg: Austerrike, Hellas, Italia) og Asia (Eur, As 1-3).

Habitat. Fjell. Fuktig humus i bergsprekker o.l.

Truslar. Attveksing og luftforureining.

Status i Noreg. *Alder på belegg/rapportar:* <1900: 9, 1900-49: 1, 1950-1974: 1, ≥1975: 0.

Kommentar. Står på Bern-konvensjonens liste over trua mosar i Europa.

Lokalitetar:

Rogaland: Forsand. [1212 I, LL 33-34,33-34] 550-630 m. Bergefjellet (Bergestakken) i Forsand, 20.VII.1888 B. Kaalaas (& R. Fridtz) (BG, O, TRH)

Rogaland: Forsand. [1212 I, LL 33-34,30-31] 50 m. Uburen, 19.VII.1888 B. Kaalaas (BG, O)

Rogaland: Forsand. [1313 II, LL] 600 m. Lysefjorden, 20.VII.1888 B. Kaalaas (BG)

Rogaland: Forsand. [1313 II, LL 66-68,49-50] 500-600 m. Ginet (Lyseknuten, cf. amtskart), 29.VII.1886 B. Kaalaas (O)

Rogaland: Forsand. [1313 II, LL 63 49] 600 m. Skaret ved Nedrabø sæter i Lyse, 27.VII.1886 B. Kaalaas (BG)
Rogaland: Forsand. [1313 II, LL 63 49] 600 m. Nær Nedrabø sæter, 23.VII.1885 B. Kaalaas (O)
Rogaland: Hjelmeland. [1313 IV, LL 61-62,78-79] 150 m. Førde (Førre), 5.VIII.1886 B. Kaalaas (O)
Rogaland: Stavanger. [1212 IV, LL 0-1,3-4]. *Prope* Stavanger, 1886 B. Kaalaas (TRH)
Rogaland: Suldal. [1313 IV, LL 45-46,93] 600 m. Sand, Liafjellet (Lifjellet), 8.VIII.1885 B. Kaalaas (O)
Hordaland: Fusa. [1215 III, LM 14-15,80] 400 m. Tjern(haug)akslen, på jord i en nordskråning, 12.VII.1904 E. Jørgensen (BG, TRH)
Hordaland: Fusa. [1215 III, LM 14,79-80] 400 m. Fusafjell NV, 7.IX.1968 N. Hakelier & T. Kavli (O)

Barbula crocea (Brid.) Web. & Mohr — Knoppskruemose

IUCN-kategoriar. Noreg: CR, Sverige: -, Finland: -, Europa: 0.

Norsk utbreiing. *Nordisk hovudmønster:* Sterkt søraustleg. *Høgde:* ? m. *Fylke og belegg/rapportar:* Te 1.
Verdsutbreiing. *Hovudmønster:* Suboseanisk-dealpint. — Rapportert frå ca 12 land i Europa og frå Nord-Afrika (Eur, Afr 1).

Habitat. Berg. Skyggefullt kalkberg.

Truslar. Utbygging.

Status i Noreg. *Alder på belegg/rapportar:* <1900: 1, 1900-49: 0, 1950-1974: 0, ≥1975: 0.

Tilrådingar. Arten manglar elles i Nord-Europa, så viss han blir attfunne bør det sikrast ein lokalitet. Næraste lokalitet er i Polen (Tatrafjella) og Alpane.

Lokalitet:

Telemark: Porsgrunn. [1713 II, NL 37 40,46-49]. Brevik, *in rupibus umbrosis calcareis*, VII.1895 Jäderholm (BG, O, TRH)

Bartramia breviseta Lindb. — Strunkkulemose

IUCN-kategoriar. Noreg: EN, Sverige: -, Finland: -, Europa: 0.

Norsk utbreiing. *Nordisk hovudmønster:* Nordleg. *Høgde:* ? m. *Fylke og belegg/rapportar:* Fi 2.

Verdsutbreiing. *Hovudmønster:* Arktisk-karpatisk. Utom Finnmark kjend frå få fjellstrøk i sentral-Europa (Italia, Austerrike, Tsjekkoslovakia, Polen), Nordvest-Russland og Island (vanleg), og elles frå Sibir og Nord-Amerika (Eur, As 1, Am 1).

Habitat. Fjell. Bergsprekker og grusjord.

Truslar. Utbygging.

Status i Noreg. *Alder på belegg/rapportar:* Fastlandet: <1900: 1, 1900-49: 0, 1950-1974: 0, ≥1975: 0, ukjend: 1.

Kommentar. Står nær *B. ithyphylla* Brid., stivkulemose, og kan vera oversedd.

Lokalitetar:

Finnmark: Måsøy. [2036 IV, MU 14-15,78]. Havøysund, VII.1894 C. Kaurin (O, TRH)

Finnmark: Måsøy. [2037 III, MU 25-28,78-83]. Måsøya v. Magerøya, s.a. T.M. Fries & S. Henschen (Jensen 1939: 59)

Brachydontium trichodes (Web.) Milde — Skoddemose

IUCN-kategoriar. Noreg: DD, Sverige: -, Finland: -, Europa: R.

Norsk utbreiing. *Nordisk hovudmønster:* Vestleg. *Høgde:* 200-750 m. *Fylke og belegg/rapportar:* Bu 1, Ro 1, Ho 5, SF 2, MR 3.

Verdsutbreiing. *Hovudmønster:* Suboseanisk-montant. — Rapportert frå mange fjellstrøk i Sør- og Sentral-Europa (ca 15 land) og frå Asia og Nord-Amerika (Eur, As 2, Am 1).

Habitat. Berg, fjell. Skoddemose veks på våte bergflater (m.a. ved bekker og elvar) og nede på sidene av blokker, vanlegvis på skygga fuktige plassar (Størmer 1969).

Truslar. Uttørking ved endring i vassstilgangen.

Status i Noreg. Alder på belegg/rapportar: <1900: 9, 1900-49: 1, 1950-1974: 1, ≥1975: 1.

Lokalitetar:

Buskerud: Lier. [1814 I/IV, NM 74-75,39-41] 400 m. Sylling, Engerbrenna (Engerfjellet) nær Buttedalssetrene, på kalksandstein, 4.VI.1893 (BG, O), 21.V.1983 F.E. Conradi (TRH)

Rogaland: Suldal. [1313 IV, LL 46-47,97-98] 260 m. Rossheinibba = Hellelandsnuten (Rosheimsnibba) i Sand, 20.VII.1896 B. Kaalaas (O)

Hordaland: Bergen. [1115 I] KN 995 054, ca 250 m. Eidsvåg, kløften ovenf. Jordalen, på svakt kalkholdige berg i bekkekløft, 27.V.1985 H.H. Blom (BG)

Hordaland: Bergen. [1115 I, LM 99 98]. Årstad, på skifer, 4.XI.1895 E. Jørgensen (BG, ikkje hos Størmer 1967)

Hordaland: Etne. [1214 II, LM 2-3,2] 620 m. Skånevik, Skåneviksfjellene, på stener av granitt, 3.VIII.1896 B. Kaalaas (BG, O)

Hordaland: Fusa. [1215 II, LM 27 78]. Hålandsdal, Skogseid, 13.VIII.1897 E. Jørgensen (BG, ikkje hos Størmer 1967)

Hordaland: Odda. [1314 IV, LM 65,47-48, ca 320 m]. Låtefossen, 11.VIII.1967 N. Hakelier (O)

Sogn og Fjordane: Gloppen. [1218 I, LP 42-43,56-58] 500 m. Eikeneshesten, 21.VII.1892 B. Kaalaas (BG, O)

Sogn og Fjordane: Høyanger. [1217 II, LN 31-32,87-88] 730 m. Blåfjellet ved Vadheim i Sogn, på klipper av gneis ved snøfonner, 31.VII.1898 B. Kaalaas (BG, O)

Møre og Romsdal: Herøy. [1119 II, LQ 30,04-05] 200 m. Røddalshornet, i en kløft, 4.VIII.1904 E. Jørgensen (BG)

Møre og Romsdal: Stranda. [1219 II/1319 III, MP]. Geiranger, Horgeseter, VIII.1872 A. Blytt, det. I. Hagen (O)

Møre og Romsdal: Ørsta. [1119 II, LQ 50-51,02-03] 750 m. Saudehornet (Sauhornet), på stein, 1.VIII.1892 B. Kaalaas (BG, O)

Brachythecium campestre (C. Müll.) Schimp. — Bakkellundmose

IUCN-kategoriar. Noreg: DD, Sverige: R (*B. ryanii*), Finland: - (*B. ryanii*), Europa: 0.

Norsk utbreiing. Nordisk hovudmønster: Sørleg. Høgde: 10-60 m. Fylke og belegg/rapportar: Øs 6, Os 1, Bu 1, Ve 1.

Verdsutbreiing. Hovudmønster: Subkontinentalt. — Rapportert frå dei fleste land i Europa og frå Asia, Nord-Afrika og Nord-Amerika (Eur, As 1-3/5, Afr 1, Am 1).

Habitat. Jordbruksmark. Ofte på mineralrik grunn, gjerne på forstyrta mark som vegkantar o.l. (Hedenäs 1995 og p.m.).

Truslar. Utbygging, sprøyting med ugrasmiddel.

Status i Noreg. Alder på belegg/rapportar: <1900: 9, 1900-49: 1, 1950-1974: 0, ≥1975: 0.

Kommentar. *Brachythecium ryanii* Kaur. (beskriven 1888) var med på den første norske trualista som ein sårbar art (Frisvoll & Blom 1993). Ein taksonomisk revisjon har synt at typen til *B. ryanii* er identisk med typen til det eldre namnet *B. campestre* (frå 1853), og dette har prioritet. Det gamle herbariematerialet som er kalla *B. campestre* treng å reviderast. Det kan i stor monn vera feilbestemt til m.a. *B. rutabulum*, storlundmose og *B. mildeanum*, vierlundmose (smalblada former, L. Hedenäs p.m.).

Lokalitetar:

Østfold: Borge. [1913 III, PL 15 69, ca 20 m]. Torp, 24.IV.1887 I. Hagen (TRH)

Østfold: Kråkerøy. [1913 III, PL 08-11,57-65, <50 m]. Glemmen, Kråkerøy, X.1888 E. Ryan, conf. K. Wigh 1971 (TROM), 25.III.1894 F.E. Conradi (TRH)

Østfold: Onsøy. [1913 III, PL 07 64, 20 m]. Rød, 1.III.1891, 13.XI.1892 & 13.I.1897 E. Ryan (TRH)

Østfold: Onsøy. [1913 III, PL 05 60, 10 m]. Torgauten, X.1887, 27.IV.1888, V. & XI.1888 E. Ryan (TRH)

Østfold: Onsøy. [1913 III, PL 07-08,65, ca 20 m]. Åle, IV.1885 & 1.III.1891 E. Ryan (TRH)

Østfold: Onsøy. Engen, X.1888 E. Ryan (TRH)

Oslo. [1914 IV, NM 96 44, 60 m]. Stensparken, 18.XI.1942 P. Størmer (O)

Buskerud: Røyken. [1814 I, NM 83 27, 10 m]. Ved Slemmestad, 29.V.1892 E. Jørgensen (O)
Vestfold: Sandefjord. [1813 III, NL 68 54, 20 m]. Ved Virik, 27.IV.1891 E. Jørgensen (O)

Brachythecium coruscum I. Hag. — Blakklundmose

IUCN-kategoriar. Noreg: DD, Sverige: 0, Finland: -, Europa: 0.

Norsk utbreiing. *Nordisk hovudmønster:* Fjellelement. *Høgde:* 200-1400 m. *Fylke og belegg/rapportar:* He 1, Op 1, Ho 2, No 1, Tr 1.

Verdsutbreiing. *Hovudmønster:* Subarktisk. — Rapportert frå Nord-Europa (tillegg: Sverige, Russland, Island, Svalbard) og Asia og Nord-Amerika (Eur, As 1, Am 1).

Habitat. Fjell. I hei og over stein og berg på fjellet.

Truslar. Utbygging og stor ferdsel kan utgjera ein trussel.

Status i Noreg. *Alder på belegg/rapportar:* Fastlandet: <1900: 2, 1900-49: 1, 1950-1974: 0, ≥1975: 3.

Kommentar: Arten er og med for Svalbard.

Lokalitetar:

Hedmark: Tynset. [1619 II, NP] 870 m. Eggjen (Eggan) [NP 9490/9392] i Tyldalen [≈ Heimrabben/Eggjevola V?, NP 95.98-90], 15.VIII.1913 I. Hagen (TRH)

Oppland: Lom. [1518 II, MP 53-55,34-35] 1400 m. *In monte vesle Loftet* (Veslelofttind), VIII.1890 C. Kaurin & E. Ryan (TRH, som *B. ryanii*)

Hordaland: Ulvik. [1416 II, MN 19 20, >1390 m]. Finse, Jomfrunuten NØ, kalkrik lyngdom. hei, 1.VIII.1980 H.H. Blom (BG)

Hordaland: Ulvik. [1416 II, MN 1-2,1-2]. Finse, VIII.1979 O. Vevle (BG, cf. *B. groenlandicum*, det. 1985 H.H. Blom)

Nordland: Rana. [1927 I, VP 57-58,49-50] 730 m. Hauknestind (Hauknæsfjeld) i Mo, 5.VIII.1894 B. Kaalaas (BG, cf. *B. groenlandicum*, det. 1980 H.H. Blom)

Troms: Balsfjord. 1533 I, DB 37 93, 200 m. Tomasjorddalen, on a calcareous rock, 8.IX.1993 L. Hedenäs (TROM)

Bryoerythrophyllum alpigenum (Vent.) Chen — Tannfotmose

IUCN-kategoriar. Noreg: DD, Sverige: R, Finland: -, Europa: R.

Norsk utbreiing. *Nordisk hovudmønster:* Fjellelement. *Høgde:* 300 m. *Fylke og belegg/rapportar:* Te 1, SF 1.

Verdsutbreiing. *Hovudmønster:* Subarktisk-alpint. — Rapportert frå ca 11 land i Europa og frå Asia og Nord-Amerika (Eur, As 1-3, Am 1).

Habitat. Berg. På stein, sjå nedanfor.

Truslar. Tilplanting med bartre.

Status i Noreg. *Alder på belegg/rapportar:* <1900: 2, 1900-49: 0, 1950-1974: 0, ≥1975: 0.

Lokalitetar:

Telemark: Tinn. [1614 IV, MM] 300 m. Vestfjorddalen, under Gaustaknærne ovenfor Såem [MM 76-77,37]. ved bække på klippestykker, 29.VII.1895 B. Kaalaas (BG, TRH!)

Sogn og Fjordane: Askvoll. [1117 IV, KP 89-90,07-08]. Askvoll i Sunnfjord, på jord, 10.VIII.1889 B. Kaalaas (BG: "bl.spiss m lange tænder")

Bryum acutiforme Limpr. — Sandvrangmose

IUCN-kategoriar. Noreg: DD, Sverige: -, Finland: -, Europa: 0.

Norsk utbreiing. *Nordisk hovudmønster:* Nordleg. *Høgde:* 5-20 m. *Fylke og belegg/rapportar:* No 3, Fi 3.

Verdsutbreiing. *Hovudmønster:* Arktisk(-alpint). — Finst truleg i Tsjekoslovakia, Russland, Sverige og på Island (sjå kommentar nedanfor), og i Sibir og Nord-Amerika (Eur, As 1, Am 1).

Habitat. Våtmark, fjell. Sand- og grusjord ved elvar o.l.

Truslar. Attveksing av kantsona etter vassdragsregulering.

Status i Noreg. Alder på belegg/rapportar: <1900: 4, 1900-49: 2, 1950-1974: 0, ≥1975: 0.

Kommentar. Har vore samanblanda med *B. axel-blyttii*, og litteraturoplysningar og herbariemateriale er derfor upåliteleg.

Lokalitetar:

Nordland: Andøy. [1233 I, WT 42 88, <5 m]. Andenes på Andøya, ved Merkeselvens breidd, i sanden, 7.VIII.1905 B. Kaalaas (BG, TRH, som *B. acutiforme*)

Nordland: Andøy. [1233 III, WS 42-43,74, <40 m]. Andenes på Andøya, i Gårdselvas (Ramsåens, cf. amtskart) sand, 21.VII.1904 B. Kaalaas (BG, som *B. acutiforme*)

Nordland: Beiarn. [2029 III, VQ 83 31, <20 m]. Vold, *juxta flumen*, 1.VIII.1894 I. Hagen (TRH, som *B. acutum & acutiforme*)

Finnmark: Porsanger. [2035 III, MT 20-21,72-73, ca 20 m]. Lakselv, 15.VII.1894 C. Kaurin, I. Hagen, VIII.1894 C. Kaurin (BG, O, TRH; tot. 10 ex, som *B. acutum, acutiforme & axel-blyttii*)

Finnmark: Porsanger. [2035 III, MT 223 702, 20 m]. Lakselv, Mellanalus, 18.VII.1894 I. Hagen (TRH, som *B. acutiforme & axel-blyttii*)

Finnmark: Porsanger. [2035 III, MT 21,71-74]. Smørstad, 15. & 22.VII.1894 I. Hagen, E. Ryan (BG, TRH, som *B. acutum & acutiforme*)

Bryum axel-blyttii Philib. — Spissvrangmose

IUCN-kategoriar. Noreg: DD, Sverige: R, Finland: -, Europa: R.

Norsk utbreiing. *Nordisk hovudmønster:* Fjellelement. *Høgde:* 10-700 m. *Fylke og belegg/rapportar:* He 3, No 3, Fi 1.

Verdsutbreiing. *Hovudmønster:* Arktisk(-alpin). — Rapportert frå Noreg, Sverige og Grønland (Eur, Am 1)

Habitat. Våtmark, fjell. Sand- og grusjord ved sjøar, elvar o.l.

Truslar. Attveksing av kantsona etter vassdragsregulering.

Status i Noreg. Alder på belegg/rapportar: <1900: 8, 1900-49: 1, 1950-1974: 0, ≥1975: 0.

Kommentar. Sjå òg *B. acutiforme* og *B. calophyllum*.

Lokalitetar:

Hedmark: Alvdal. [1619 III, NP]. Gunnarseteren [S for Orrleite, NP 78 94, cf. *B. blindii*], 1.VIII.1887 N. Bryhn (BG, O)

Hedmark: Folldal. [1519 II, NP 54 88, ca 700 m]. Krokhaugen, VIII.1892 & VII.1888 C. Kaurin (BG, TRH)

Hedmark: Folldal. [1519 II, NP 53-54,87-88, ca 700 m] 600 m. Mellombekken (Mellungsbekken), Krokhaugen, 16.VII.1889 E. Jørgensen (BG, O), 4.VIII.1906 N. Bryhn (BG, O)

Nordland: Alstahaug. [1826 IV, UP 90-91,19, ca 50 m]. Alsten, v Botnelva, 1-2 km fra utløpet, på sandrike strender, 10.VIII.1894 B. Kaalaas (TRH)

Nordland: Alstahaug. [1826 IV, UP 91 19, <5 m]. Alsten, ved Botnelva, i havets nivå, på sandige strandbredder, 10.VIII.1894 B. Kaalaas (BG, O, TRH, som *B. axel-blyttii & acutum*)

Nordland: Beiarn. [2029 III/IV, VQ 8 3]. Beiarn, 2.VIII.1894 I. Hagen (O)

Finnmark: Porsanger. [2035 I, MU 44-46,01]. Børselv, VII.1894 C. Kaurin (O)

Finnmark: Porsanger. [2035 III, MT 20-21,72-73, <10 m]. Lakselv, *in arena flum.*, 15.VII.1894 C. Kaurin, I. Hagen, VIII.1894 C. Kaurin (BG, O, TRH; tot. 10 ex, som *B. acutum, acutiforme & axel-blyttii*)

Finnmark: Porsanger. [2035 III, MT 21,71-74]. Smørstad, 15.VII.1894 I. Hagen, E. Ryan (TRH)

Finnmark: Porsanger. [2035 III, MT 223 702, 20 m]. Lakselv, Mellanalus, 18.VII.1894 I. Hagen (BG, TRH, som *B. acutiforme & axel-blyttii*)

Finnmark: Porsanger. [2035 III, MT 207 725, ca 10 m]. Manteronmukka (Mandersmokka), 18.VII.1894 E. Ryan (TRH)

Bryum blindii Bruch & Schimp. — Klumpvrangmose

IUCN-kategoriar. Noreg: DD, Sverige: R, Finland: -, Europa: R.

Norsk utbreiing. *Nordisk hovudmønster:* Fjellelement. *Høgde:* 500-950 m. *Fylke og belegg/rapportar:* He 5, Op 2, ST 6.

Verdsutbreiing. *Hovudmønster:* Borealt-montant. — Rapportert frå ca 9 land i Europa og frå Asia og Nord-Amerika (Eur, As 1-3, Am 1).

Habitat. Våtmark, fjell. Fuktig kalkrik sandjord ved elvar.

Truslar. Attveksing av kantsona etter vassdragsregulering.

Status i Noreg. *Alder på belegg/rapportar:* <1900: 10, 1900-49: 2, 1950-1974: 1, ≥1975: 0.

Tilrådingar. Bevaring av ei open flompåverka kantsona langs Driva og Folla.

Lokalitetar:

Hedmark: Alvdal. [1619 III, NP 79 93, 510 m]. 7 km ovenfor Steimoen [NP 84 89] [≈ S for Orrleite, NP 79 93, sjå neste lok.], på skiferberg, 17.VII.1896 E. Ryan (BG, O, TRH)

Hedmark: Alvdal. [1619 III, NP 78 94]. S for Orrleite [NP 78 94]. Gunnarsseteren, på glimmerskifer ved veien, 30.VII.1880 F. Kiær (TRH), 12.VIII.1887 N. Bryhn (BG, O, TRH)

Hedmark: Alvdal. [1619 III, NP 78 94] 550 m. Orrleite (Årlete), 16.VIII.1882 F. Kiær (O), 17.VII.1896 F.E. Conradi (BG)

Hedmark: Folldal. [1519 II, NP 53-54,87-88, ca 700 m]. *Riv. Mellombekken (Mellungsbekken), in ripa arenosa*, 17.VII.1889 C. Kaurin & E. Ryan (BG, TRH)

Hedmark: Folldal. [1519 II, NP 54 88, ca 700 m]. Krokhaugen, 16. & 22.VII.1889 E. Jørgensen (BG, O)

Oppland: Dovre. [1519 III, NP 30-31,80-81] ca 950 m. Grimsdalen mell. Verkenssætri och Grimsdalshytta, 15.IX.1971 N. Hakelien (O)

Oppland: Gran. [1816 II, NN]. Hadelands allmenning, Kvitingen [NN 82 14] - Gammelsætra (gl. Sæter) [NN 80 12]. 20.VII.1883 F. Kiær (O)

Sør-Trøndelag: Oppdal. [1519 IV, NQ 31 08, ca 900 m]. Ved Kongsvoll, 21.VII.1883 C. Kaurin (O)

Sør-Trøndelag: Oppdal. [1520 III, NQ]. *Fl. Driva prope praed. Grinden, in arena*, IX.1883 C. Kaurin (O, BG), 20.VII.1901 E. Ryan (TRH)

Sør-Trøndelag: Oppdal. [1520 III, NQ 32-33,37-38, ca 490 m]. Ved Mjøen, VII.1882 C. Kaurin (O, TRH)

Sør-Trøndelag: Oppdal. [1520 III, NQ 32 35, 500 m]. *Driva prope Stordalen*, 24.VII.1885 N. Bryhn, 20.VII.1904 E. Ryan (O, BG, TRH)

Sør-Trøndelag: Oppdal. [1520 III, NQ 33-42,41-44]. Vangslia, ved Skjørdøla, 29.VII.1880 C. Kaurin (TRH)

Sør-Trøndelag: Oppdal. [1520 III, NQ 33-34,30-31]. *Vinstradalen, in arena rivuli infra Medlisætrin*, VIII.1886 C. Kaurin (BG)

Bryum bornholmense Winkelm. & Ruthe — Storknollvrangmose

IUCN-kategoriar. Noreg: DD, Sverige: R, Finland: -, Europa: 0.

Norsk utbreiing. *Nordisk hovudmønster:* Sørleg. *Høgde:* 20-50 m. *Fylke og belegg/rapportar:* Øs 1, VA 1, Ho 1, MR 3, NT 1.

Verdsutbreiing. *Hovudmønster:* Suboseanisk-submediterrant. — Rapportert frå ca 11 land i Europa, og frå Asia og Nord-Amerika (Eur, As 5, Am 1).

